| <b>A. Anleggsmiddel</b>                |           | <b>15 485 350</b> | <b>14 624 513</b> |
| <b>I. Varige driftsmidler</b>          | <b>21</b> | <b>10 754 257</b> | <b>10 078 309</b> |
| 1. Faste eiendommer og anlegg          |           | 10 424 696        | 9 771 954         |
| 2. Utstyr, maskiner og transportmiddel |           | 329 561           | 306 355           |
| <b>II. Finansielle anleggsmidler</b>   |           | <b>317 114</b>    | <b>314 354</b>    |
| 1. Aksjar og andelar                   | 23        | 316 945           | 314 051           |
| 3. Utlån                               |           | 169               | 303               |
| IV. Pensjonsmidlar                     | 24        | 4 413 979         | 4 231 850         |
| <b>B. Omløpsmidlar</b>                 | <b>20</b> | <b>3 838 598</b>  | <b>3 434 991</b>  |
| I. Bankinnskudd og kontantar           |           | 3 072 879         | 2 710 356         |
| <b>III. Kortsiktige fordringar</b>     |           | <b>765 719</b>    | <b>724 634</b>    |
| 1. Kundefordringar                     |           | 78 895            | 83 186            |
| 2. Andre kortsiktige fordringar        |           | 345 505           | 303 529           |
| 3. Premieavvik                         | 24        | 341 319           | 337 919           |
| <b>Sum eignedelar Konsern</b>          |           | <b>19 323 948</b> | <b>18 059 504</b> |
| <b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>            |           |                   |                   |
| <b>C. Egenkapital</b>                  |           | <b>6 781 702</b>  | <b>6 618 729</b>  |
| <b>I. Egenkapital drift</b>            |           | <b>1 970 695</b>  | <b>1 933 274</b>  |
| 1. Disposisjonsfond                    | 25,26     | 1 586 879         | 1 548 604         |
| 2. Bundne driftsfond                   | 25        | 383 816           | 384 670           |
| <b>II. Egenkapital investering</b>     |           | <b>266 881</b>    | <b>269 906</b>    |
| 1. Ubundne investeringsfond            | 25        | 133 961           | 127 161           |

| Oversikt balanse Konsern                                       | Noter     | 2022              | 2021              |
|----------------------------------------------------------------|-----------|-------------------|-------------------|
| 2. Bundne investeringsfond                                     | 25        | 138 520           | 142 816           |
| 3. Udekt beløp i investeringsrekneskapen                       |           | - 5 601           | -71               |
| <b>III. Annan egenkapital</b>                                  |           | <b>4 544 126</b>  | <b>4 415 549</b>  |
| 1. Kapitalkonto                                                | 22        | 4 727 704         | 4 599 126         |
| 2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift       |           | -139 542          | -139 542          |
| 3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering |           | -44 035           | -44 035           |
| <b>D. Langsiktig gjeld</b>                                     |           | <b>10 754 339</b> | <b>9 978 995</b>  |
| <b>I. Lån</b>                                                  |           | <b>5 968 234</b>  | <b>5 481 356</b>  |
| 1. Gjeld til kredittinstitusjonar                              |           | 3 497 672         | 2 860 710         |
| 2. Obligasjonslån                                              |           | 2 470 562         | 1 808 562         |
| 3. Sertifikatlån                                               |           | 0                 | 812 084           |
| <b>II. Pensjonsforplikting</b>                                 | <b>24</b> | <b>4 786 105</b>  | <b>4 497 639</b>  |
| <b>E. Kortsiktig gjeld</b>                                     |           | <b>1 787 907</b>  | <b>1 461 779</b>  |
| <b>I. Kortsiktig gjeld</b>                                     | <b>20</b> | <b>1 787 907</b>  | <b>1 461 779</b>  |
| 1. Leverandørgjeld                                             |           | 561 297           | 489 999           |
| 4. Annan kortsiktig gjeld                                      |           | 1 211 218         | 968 660           |
| 5. Premieavvik                                                 | 24        | 15 392            | 3 121             |
| <b>Sum egenkapital og gjeld Konsern</b>                        |           | <b>19 323 948</b> | <b>18 059 504</b> |
| <b>F. Memoriakonti</b>                                         |           |                   |                   |
| I. Ubrukte lånemiddel                                          |           | 0                 | 43 084            |
| II. Andre memoriakonti                                         |           | - 815             | - 815             |
| III. Motkonto for memoriakontiene                              |           | 815               | -42 269           |

(Tal i tusen)

| Løyvingsoversikt - invest. (rekneskap)        | 2022             | 2021           |
|-----------------------------------------------|------------------|----------------|
| 1 Investeringar i varige driftsmidlar         | 1 035 188        | 815 063        |
| 2 Tilskot til investeringane i andre          | 803              | -328           |
| 3 Investeringar i aksjar og andelar i selskap | 3 054            | 27 894         |
| 4 Utlån av eigne midlar                       | 0                | 0              |
| <b>6 Sum investeringsutgifter</b>             | <b>1 039 045</b> | <b>842 629</b> |
|                                               |                  |                |

| Løyvingsoversikt - invest. (rekneskap)                  | 2022           | 2021           |
|---------------------------------------------------------|----------------|----------------|
| 7 Kompensasjon for meirverdiavgift                      | 180 292        | 145 240        |
| 8 Tilskot frå andre                                     | 95 220         | 114 654        |
| 9 Sal av varige driftsmidlar                            | 1 549          | 49 526         |
| 10 Sal av finansielle anleggsmidlar                     | 371            | 275            |
| 12 Mottatte avdrag på utlån av egne midlar              | 133            | 24 842         |
| 13 Bruk av lån                                          | 639 597        | 446 432        |
| <b>14 Sum investeringsinntekter</b>                     | <b>917 162</b> | <b>780 969</b> |
| 20 Overføring frå drift                                 | 118 858        | 93 990         |
| 21 Avsetningar til bundne investeringsfond              | 16 999         | 66 026         |
| 22 Bruk av bundne investeringsfond                      | -21 295        | -8 625         |
| 23 Avsetningar til ubunde investeringsfond              | 10 400         | 0              |
| 24 Bruk av ubunde investeringsfond                      | -3 600         | -25 000        |
| 25 Dekning av tidlegare års udekt beløp                 | 71             | 0              |
| <b>26 Sum overføring frå drift og netto avsetningar</b> | <b>116 282</b> | <b>61 589</b>  |
| 27 Fremførte til inndecking i seinare år(udekt beløp)   | 5 601          | 71             |

### 3.10. Notar, nummer 20–26 Konsern

Telemarkskanalen FKF er einaste eining som inngår i den konsoliderte rekneskapen. Det er ikkje utelate noka eining på grunn av at Vestfold og Telemark fylkeskommune ikkje har noko interkommunalt råd eller kommunalt oppgåvefellesskap som ikkje er eige rettssubjekt. Ingen einingar har kome til eller gått ut av den konsoliderte rekneskapen sidan førre rekneskapsår.

#### Note 20 Endring i arbeidskapital – konsern

(Tal i tusen) Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-10, a)

| Balanserekneskapen                             | 2022             | 2021                   | Endring       |
|------------------------------------------------|------------------|------------------------|---------------|
| Omløpsmidlar                                   | 3 838 598        | 3 434 991              | 403 607       |
| Kortsiktig gjeld                               | - 1 787 907      | -1 461 779             | -326 128      |
| <b>Endring i arbeidskapital etter balansen</b> | <b>2 050 691</b> | <b>1 973 212</b>       | <b>77 480</b> |
| <b>Frå drift-og investeringsrekneskapen:</b>   | <b>Frå drift</b> | <b>Frå investering</b> |               |
| Sum inntekter                                  | -7 610 359       | -917 162               |               |

|                                                |                 |                |                |
|------------------------------------------------|-----------------|----------------|----------------|
| Sum utgifter                                   | 7 200 382       | 1 039 045      |                |
| Eksterne finansieringsinntekter                | -74 347         | 0              |                |
| Eksterne finansieringsutgifter                 | 328 045         | 0              |                |
| <b>Sum drifts- og investeringsrekneskapen:</b> | <b>-156 279</b> | <b>121 883</b> | <b>-34 396</b> |
| Endring mem.konti ubrukte lånemiddel           |                 |                | -43 084        |
| <b>Korrigert endring i arbeidskapital</b>      |                 |                | <b>77 480</b>  |
| Differanse                                     |                 |                | 0              |

## Note 21 Varige driftsmidler – konsern

(Tal i tusen) Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-11, a)

|                    | 5 år          | 10 år          | 10 år         | 40 år            | 40 år            | 50 år          |                   |
|--------------------|---------------|----------------|---------------|------------------|------------------|----------------|-------------------|
|                    | IT-utstyr     | Inventar       | Køyrerøy      | Bygninger        | Veganlegg        | Bygninger      | SUM               |
| <b>IB 01.01.22</b> | <b>63 210</b> | <b>197 359</b> | <b>45 767</b> | <b>4 607 437</b> | <b>4 804 521</b> | <b>359 997</b> | <b>10 078 290</b> |
| Korrigerings IB    |               |                | 34            |                  |                  |                | 34                |
| Sal i året         |               |                | 570           |                  |                  |                | 570               |
| Tap ved sal        |               |                | 126           |                  |                  |                | 126               |
| Tilgang i året     | 17 615        | 40 305         | 18 776        | 493 204          | 439 492          | 27 093         | 1 036 485         |
| Avskrivningar      | 17 486        | 28 601         | 6 724         | 145 340          | 151 068          | 10 639         | 359 856           |
| <b>UB 31.12.22</b> | <b>63 339</b> | <b>209 063</b> | <b>57 158</b> | <b>4 955 300</b> | <b>5 092 945</b> | <b>376 451</b> | <b>10 754 257</b> |

## Note 22 Kapitalkonto – konsern

(Tal i tusen) Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-10, b)

| Kapitalkonto                                  | 2022              | 2021              |
|-----------------------------------------------|-------------------|-------------------|
| <b>Saldo 1.1.</b>                             | <b>-4 599 126</b> | <b>-4 417 708</b> |
| <b>Endringer i perioden:</b>                  |                   |                   |
| Aktivering av anleggsmidler                   | -1 036 485        | -814 736          |
| Avskrivningar anleggsmidler                   | 359 857           | 344 299           |
| Avskrivningar fin. leasing                    | 19                | 172               |
| Gevinst sal driftsmidler / inventar og utstyr | 661               | 417               |
| <b>Sum varige driftsmidler</b>                | <b>-675 947</b>   | <b>-469 848</b>   |
| Kjøp av aksjar i AS T18                       |                   | -25 000           |
| Sal av andre aksjar                           | 160               | -                 |
| Kjøp av aksjar og andelar                     | -                 | -17               |

| Kapitalkonto                                            | 2022              | 2021              |
|---------------------------------------------------------|-------------------|-------------------|
| Innskoten kapital VTR                                   | -                 | 250               |
| Opphør TIN                                              | -                 | 3 872             |
| Nedbetaling lån AS T18                                  | -                 | 24 841            |
| Eigenkapitalinnskott Klp                                | -3 054            | -2 877            |
| <b>Sum aksjar, andelar og utlån</b>                     | <b>-2 894</b>     | <b>1 069</b>      |
| <b>Sum endring anleggsmidler</b>                        | <b>-678 842</b>   | <b>-468 779</b>   |
| Korreksjon av tidlegare års feil i 2022 rekneskapen     | -43 084           | -                 |
| Avdrag på lån                                           | -195 650          | -193 247          |
| Avdrag fin. leasing                                     | -19               | -172              |
| Bruk av lånemiddel                                      | 639 597           | 446 432           |
| TBF Korreksjon av tidlegare års feil i 2022 rekneskapen | 43 084            | -                 |
| <b>Sum endring lånegjeld</b>                            | <b>443 928</b>    | <b>253 013</b>    |
| Reduksjon pensjonsforplikting                           | 288 465           | -569 743          |
| Reduksjon pensjonsmidlar                                | -182 129          | 604 091           |
| <b>Sum endring pensjon</b>                              | <b>106 336</b>    | <b>34 348</b>     |
| <b>Sum endring langsiktig gjeld</b>                     | <b>550 264</b>    | <b>287 361</b>    |
| <b>Netto endring</b>                                    | <b>-128 578</b>   | <b>-181 418</b>   |
| <b>Saldo 31.12.</b>                                     | <b>-4 727 704</b> | <b>-4 599 126</b> |

## Note 23 Aksjar og andelar i varig eige – konsern

(Tal i tusen) Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-11, b)

| Namnet til selskapet                      | Eigardel | Balanse 31.12.22 | Balanse 31.12.21 |
|-------------------------------------------|----------|------------------|------------------|
| BTV-investeringsfond AS *                 | 0,00 %   | 0                | 135              |
| Skien Dalen Skipsselskap AS               | 27,00 %  | 995              | 995              |
| E134 Haukelivegen AS                      | 2,17 %   | 10               | 10               |
| Telemark og Vestfold Regionteater AS      | 66,66 %  | 70               | 70               |
| Rehabiliteringssenteret AIR AS            | 1,02 %   | 8                | 8                |
| Raulandsakademiet AS - Rauland Vandrehjem | 1,00 %   | 300              | 300              |
| Vegfinans AS                              | 33,33 %  | 2 130            | 2 130            |
| Vegfinans Bypakke Grenland AS             | 50,00 %  | 200              | 200              |
| Proventia AS                              | 7,00 %   | 300              | 300              |
| Høyskolen for Yrkesfag AS                 | 33,50 %  | 1 145            | 1 145            |

| Namnet til selskapet                                       | Eigardel | Balanse 31.12.22 | Balanse 31.12.21 |
|------------------------------------------------------------|----------|------------------|------------------|
| Sørnorsk Filmsenter AS                                     | 33,33 %  | 25               | 25               |
| AS Torggaten 18                                            | 100 %    | 147 294          | 147 294          |
| Viken Filmsenter AS                                        |          | 2                | 27               |
| Sandefjord Lufthavn AS                                     | 43,00 %  | 52 128           | 52 128           |
| <b>Sum aksjar</b>                                          |          | <b>204 607</b>   | <b>204 767</b>   |
| Eigenkapitalinnskott i KLP                                 |          | 108 762          | 105 727          |
| Vestfold og Telemark Revisjon IKS                          | 16,77 %  | 0                | 0                |
| Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalgssekretariat IKS | 10,00 %  | 93               | 93               |
| Norsvin SA                                                 |          | 2                | 2                |
| Telemarksreiser AL                                         |          | 20               | 20               |
| Skien Boligbyggelag                                        |          | 2                | 2                |
| Eidanger Boligbyggelag 10 andeler                          |          | 1                | 1                |
| Interkommunalt arkiv for Buskerud Vestfold og Telemark     | 6,48 %   | 216              | 216              |
| Nortura SA                                                 |          | 18               | 18               |
| Biblioteksentralen SA                                      |          | 18               | 18               |
| Gartnerhallen SA                                           |          | 0,20             | 0,20             |
| Vest-Telemark ped.psyk.tj. PPT IKS                         | 12,00 %  | 0                | 0                |
| Innovasjon Norge                                           | 5,16 %   | 1 011            | 1 011            |
| Larvik Arena IKS                                           | 50,00 %  | 0                | 0                |
| Vestfoldmuseene IKS                                        | 36,00 %  | 0                | 0                |
| Gea Norvegica Geopark IKS                                  | 68,81 %  | 0                | 0                |
| Brevik Fergeselskap IKS                                    | 50,00 %  | 1 000            | 1 000            |
| Kragerø Fjordbåtselskap IKS                                | 50,00 %  | 1 075            | 1 075            |
| <b>Sum andelar</b>                                         |          | <b>112 218</b>   | <b>109 183</b>   |
| <b>Sum aksjar og andelar</b>                               |          | <b>316 824</b>   | <b>313 949</b>   |

Det ligg ikkje føre nokon reell marknadsverdi på dei flest av aksjane og andelane.

\* BTV-investeringsfond er avvikla i 2022.

## Note 24 Pensjon – konsern

(Tal i tusen) Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-12, c)

| Spesifikasjon av pensjonskostnad og årets premieavvik          |            | 2022           | 2021           |
|----------------------------------------------------------------|------------|----------------|----------------|
| Årets pensjonsopptening, noverdi                               |            | 254 992        | 244 943        |
| Rentekostnad av kommen pensjonsforpliktning                    |            | 135 610        | 128 826        |
| - Forventa avkastning på pensjonsmidlane                       |            | -141 750       | -135 157       |
| Administrasjonskostnader                                       |            | 10 577         | 9 770          |
| <b>Berekna netto pensjonskostnad (inkl. adm.)</b>              | <b>A</b>   | <b>259 429</b> | <b>248 382</b> |
| Innbetalt pensjonspremie (inkl. adm.kostnader)                 | B          | 334 107        | 344 810        |
| <b>Årets premieavvik (B-A)</b>                                 | <b>C</b>   | <b>74 678</b>  | <b>96 428</b>  |
|                                                                |            |                |                |
| <b>KLP - Premiefond</b>                                        |            | <b>2022</b>    | <b>2021</b>    |
| Innestående på premiefond 01.01.                               |            | 62 501         | 974            |
| Tilført premiefondet i løpet av året                           |            | 130 133        | 101 881        |
| Bruk av premiefondet i løpet av året                           |            | -81 237        | -40 354        |
| <b>Innestående på premiefond 31.12.</b>                        |            | <b>111 397</b> | <b>62 501</b>  |
|                                                                |            |                |                |
| <b>Pensjonsutgifter i drifts- og investeringsrekneskapen</b>   |            | <b>2022</b>    | <b>2021</b>    |
| Forfall pensjonspremie (inkl. adm.kostnader)                   | B          | 334 106        | 301 941        |
| Årets premieavvik                                              | C          | 73 430         | 96 428         |
| Amortisering av tidlegare års premieavvik                      | D          | 77 462         | 85 445         |
| <b>Brutto pensjonsutgift etter premieavvik og amortisering</b> | <b>F</b>   | <b>484 998</b> | <b>290 958</b> |
| Pensjonstrekk tilsette                                         | G          | 47 694         | 44 906         |
| <b>Årets rekneskapsførte pensjonsutgift</b>                    | <b>F-G</b> | <b>437 304</b> | <b>246 052</b> |
|                                                                |            |                |                |
| <b>Akkumulert premieavvik</b>                                  |            | <b>2022</b>    | <b>2021</b>    |
| Sum gjenstående premieavvik tidlegare år (per 01.01.)          |            | 288 240        | 282 443        |
| Årets premieavvik                                              |            | 74 678         | 96 428         |
| Sum amortisert premieavvik dette året                          |            | -77 897        | -85 445        |
| <b>Akkumulert premieavvik per 31.12</b>                        |            | <b>285 022</b> | <b>293 426</b> |
| Arbeidsgivaravgift av akkumulert premieavvik                   |            | 40 188         | 41 373         |
| <b>Sum akkumulert premieavvik inkl. arb.g.avgift</b>           |            | <b>325 210</b> | <b>334 799</b> |
|                                                                |            |                |                |

| <b>Pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar</b>             |  | <b>2022</b>      | <b>2021</b>      |
|------------------------------------------------------------|--|------------------|------------------|
| Brutto pensjonsforplikting per 01.01.                      |  | 4 464 464        | 5 067 260        |
| Estimatavvik (ført direkte mot eigenkapitalen)             |  | 1 557            | -799 305         |
| Verknad av planendringar (ført direkte mot eigenkapitalen) |  |                  | 29 126           |
| Årets pensjonsopptening                                    |  | 254 991          | 244 826          |
| Rentekostnad av påkomne pensjonsforplikting                |  | 135 610          | 128 827          |
| Utbetalningar                                              |  | -147 197         | -173 058         |
| <b>Brutto pensjonsforplikting per 31.12.</b>               |  | <b>4 709 425</b> | <b>4 497 639</b> |
| Arbeidsgivaravgift av netto pensjonsforplikting            |  | 76 679           | 60 431           |
| Brutto pensjonsmidlar per 01.01.                           |  | 4 231 849        | 4 835 582        |
| Estimatavvik (ført direkte mot eigenkapitalen)             |  | -135 277         | -925 369         |
| Innbetalt pensjonspremie (inkl. adm.)                      |  | 334 107          | 344 549          |
| Administrasjonskostnad/rentegaranti                        |  | -10 577          | -9 727           |
| Utbetalningar                                              |  | -147 197         | -148 275         |
| Nedgang midlar DnB Gabler                                  |  | -676             | 0                |
| Forventa avkastning                                        |  | 141 750          | 135 089          |
| <b>Brutto pensjonsmidlar per 31.12.</b>                    |  | <b>4 413 979</b> | <b>4 231 850</b> |
| <b>Netto pensjonsforplikting per 31.12.</b>                |  | <b>295 446</b>   | <b>265 789</b>   |
| Arbeidsgivaravgift av netto pensjonsforplikting            |  | 41 658           | 37 476           |

## Note 25 Avsetning og bruk av fond – konsern

(Tal i tusen) Budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-13, a)

|                                    | <b>2022</b> | <b>2021</b> |
|------------------------------------|-------------|-------------|
| <b>Disposisjonsfond</b>            |             |             |
| Behaldning 1.1.                    | 1 548 604   | 1 240 326   |
| Bruk av fondet i driftsrekneskapen | -193 628    | 523         |
| Avsetningar til fonda              | 231 903     | 308 801     |
| Behaldning 31.12.                  | 1 586 879   | 1 548 604   |
| <b>Bundne driftsfond</b>           |             |             |
| Behaldning 1.1.                    | 384 670     | 359 822     |
| Bruk av fonda i driftsrekneskapen  | -602 353    | 639 660     |
| Avsetningar til fonda              | 601 499     | 664 508     |
| Behaldning 31.12.                  | 383 816     | 384 670     |

|                                 | 2022    | 2021    |
|---------------------------------|---------|---------|
| <b>Ubundne investeringsfond</b> |         |         |
| Behaldning 1.1.                 | 127 161 | 152 161 |
| Avsetningar til fonda           | 10 400  | -       |
| Bruk av fonda                   | -3 600  | 25 000  |
| Behaldning 31.12.               | 133 961 | 127 161 |
| <b>Bundne investeringsfond</b>  |         |         |
| Behaldning 1.1.                 | 142 816 | 84 605  |
| Avsetningar til fonda           | 16 999  | 66 026  |
| Bruk av fonda                   | -21 295 | 8 625   |
| Behaldning 31.12.               | 138 520 | 142 816 |

## Note 26 Årsresultat – konsern

(Tal i tusen)

| Disposisjonar                                                                       | 2022           | 2021           |
|-------------------------------------------------------------------------------------|----------------|----------------|
| Driftsrekneskapen - netto driftsresultat                                            | 156 279        | 427 116        |
| Sum budsjettdisposisjonar                                                           | 130 130        | -31 065        |
| <b>Driftsrekneskapen - resultat før stryking</b>                                    | <b>286 409</b> | <b>396 051</b> |
| Driftsrekneskapen - reversert bruk av fond, jf. regnskapsforskr. § 4-3, første ledd | 286 338        | 388 229        |
| Driftsrekneskapen - avsett på fond, jf. regnskapsforskr. § 4-3, andre ledd          | 71             | 7 822          |
| <b>Resultat frå verksemdene</b>                                                     | <b>68 368</b>  | <b>164 877</b> |

## Revisjonsberetning



Til fylkestinget i  
Vestfold og Telemark fylkeskommune

Kopi:  
kontrollutvalet  
fylkesutvalet  
fylkesdirektøren

### MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

#### Utsegn om årsrekneskapen

##### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Vestfold og Telemark fylkeskommune, som viser eit netto driftsresultat på 159 271 644 kr i fylkeskassa og eit netto driftsresultat i den konsoliderte årsrekneskapen på 156 278 875 kr. Årsrekneskapen er samansett av:

- fylkeskassa sin årsrekneskap, som inneheld balanse per 31. desember 2022, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsolidert årsrekneskap, som inneheld balanse per 31. desember 2022, driftsrekneskap og investeringsrekneskap for rekneskapsåret, som vart avslutta per denne datoen, og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

##### Etter vår meining

- oppfyller fylkeskassa sin årsrekneskap gjeldande lovkrav, og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til fylkeskassa per 31. desember 2022, og av resultat for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.
- oppfyller den konsoliderte årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Vestfold og Telemark fylkeskommune som økonomisk eining per 31. desember 2022, og av resultat for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med kommunelova og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

##### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Noreg og International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av fylkeskommunen i samsvar med krava i lov og forskrifter i Noreg, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava.

Vestfold og Telemark revisjon IKS  
Org.nr.: 923 822 410 MVA  
Tlf.: 33 07 13 00  
[www.vtrevisjon.no](http://www.vtrevisjon.no)

Postadresse  
Postboks 311  
3701 Skien  
[post@vtrevisjon.no](mailto:post@vtrevisjon.no)

Avdeling Skien  
Bruene 1  
3724 Skien

Avdeling Horten  
Sollistrandsveien 12  
3187 Horten

Avdeling Bø  
Bøgata 69  
3800 Bø



Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### *Årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon*

Fylkesdirektøren er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga og den ytterlegare informasjonen som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar den lovbestemte årsmeldinga og anna informasjon i fylkeskommunens årsrapport. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, annan ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon elles, tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga eller anna ytterlegare informasjon tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

#### *Fylkesdirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen*

Fylkesdirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med kommunelovas regler og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg. Fylkesdirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

#### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar, på grunnlag av årsrekneskapen.

Vestfold og Telemark revisjon IKS  
Org.nr.: 923 822 410 MVA  
Tlf.: 33 07 13 00  
[www.vtrevisjon.no](http://www.vtrevisjon.no)

Postadresse  
Postboks 311  
3701 Skien  
[post@vtrevisjon.no](mailto:post@vtrevisjon.no)

Avdeling Skien  
Bruene 1  
3724 Skien

Avdeling Horten  
Sollistrandveien 12  
3187 Horten

Avdeling Bø  
Bøgata 69  
3800 Bø



For vidare beskriving av revisors oppgåver vises det til: [www.nkrf.no/revisjonsberetninger](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger) - revisjonsmelding nr. 2

#### **Utsegn om andre lovmessige krav**

##### **Konklusjon om registrering og dokumentasjon**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen, slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av fylkeskommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

##### **Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik**

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Vestfold og Telemark fylkeskommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå fylkestinget sine premisser for bruken av løyvingane.

##### **Konklusjon**

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

For vidare beskriving av revisors oppgåver vises det til: [www.nkrf.no/revisjonsberetninger](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger) - revisjonsmelding nr. 2

Horten, 14. april 2023  
Vestfold og Telemark revisjon IKS

A handwritten signature in blue ink that reads 'Linn T. Bekken'.

Linn Therese Bekken  
Statsautorisert revisor

Vestfold og Telemark revisjon IKS  
Org.nr.: 923 822 410 MVA  
Tlf.: 33 07 13 00  
[www.vtrevisjon.no](http://www.vtrevisjon.no)

Postadresse  
Postboks 311  
3701 Skien  
[post@vtrevisjon.no](mailto:post@vtrevisjon.no)

Avdeling Skien  
Bruene 1  
3724 Skien

Avdeling Horten  
Sollistrandsveien 12  
3187 Horten

Avdeling Bø  
Bøgata 69  
3800 Bø

# Årsmelding

## 4. Økonomi, finans og eierskap

### 4.1. Økonomi, finans og eierskap

#### Økonomiske mål

I 2022 var det økonomiske målet for fylkeskommunen:

- Netto driftsresultat bør vere 4 % av frie disponible inntekter
- Langsiktig gjeld bør maksimalt utgjere 115 % av frie disponible inntekter
- Fond premieavvik skal svare til premieavviket
- Bufferfondet (fritt disponibelt fond) bør vere på 8 % av frie disponible inntekter.

#### Netto driftsresultat

Netto driftsresultat viser årets driftsoverskot etter at renter og avdrag er betalt, og kva fylkeskommunen har til disposisjon til fondsavsetningar og investeringar. I 2022 hadde fylkeskommunen eit netto driftsresultat på 2,7 % av frie disponible inntekter. Dette er lågare enn det økonomiske målet og det opphavlege budsjettet for 2022. I det reviderte budsjettet for 2022 var netto driftsresultat negativt og det kjem av ekstra løyvingar i resultatdisponeringssaka for 2021. Faktisk netto driftsresultat for 2022 blei betre enn revidert budsjett og det kjem i hovudsak av auka skatteinntang.

#### Langsiktig gjeld

Målet for fylkeskommunen når det gjeld langsiktig gjeld er at den maksimalt skal utgjere 115 % av frie disponible inntekter. I 2022 har fylkeskommunen langsiktig gjeld tilsvarande 102 % av frie disponible inntekter og er innanfor handlingsregelen. Gjeldsgrada blei lågare enn budsjettert på grunn av at frie disponible inntekter blei høgare (blant anna høgare skatteinntekter) og dessutan at investeringar blei forskove på både samferdsel og eigedom.

#### Disposisjonsfond / fond premieavvik

Disposisjonsfondet frå fylkeskommunen var ved årsskiftet på 1 577 mill. kr. Av dette utgjør avsetninga til premieavvik på pensjonsområdet 325 mill. kr. Dermed er målet om at fond premieavvik skal svare til premieavviket oppfylt. Den delen av fondet som er til fri disposisjon for

fylkestinget er på 1 252 mill. kr og utgjør 21 % av dei frie disponible inntektene. Dermed har fylkeskommunen eit fritt disponibelt fond (bufferfond) som er større enn handlingsregelen tilseier.

## Årsrekneskap

Kapitlet Årsregnskap gir oversikt over driftsinntekter, driftsutgifter og finanstransaksjonar, og ei nærare skildring av mindreforbruket mot budsjett. Omtale av investeringar og balansen er knytt til forskriftsrapportane som er å finne under overskrifta Årsregnskap. Det blir også vist til omtale av sektorane for nærare skildring av budsjettavvik i dei enkelte sektorane.

## Fordeling netto driftsutgifter

Driftsbudsjettet frå fylkeskommunen blir fordelt på seksjonsrammer innanfor politisk utvalsstruktur. 52 % av dei samla netto driftsutgiftene i 2022 gjekk til vidaregåande opplæring, som er det største området frå fylkeskommunen. Samferdsel, miljø og mobilitet, med blant anna kollektivtrafikk og drift og vedlikehald av fylkesvegar, stod for 29 % av netto driftsutgifter.

## Sentrale inntekter

Tal i 1000

|                                      | Regnskap<br>2021  | Oppr.<br>bud.     | Rev.bud.<br>2022  | Regnskap<br>2022  | Avvik i kr     |
|--------------------------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|----------------|
| Frie disponible inntekter            |                   |                   |                   |                   |                |
| Rammetilskudd                        | -2 829 245        | -2 840 340        | -2 684 941        | -2 741 283        | 56 342         |
| Inntekts- og formuesskatt            | -2 841 018        | -2 711 725        | -2 985 211        | -3 093 801        | 108 590        |
| Andre generelle driftsinntekter      | -34 235           | 0                 | 0                 | -40 301           | 40 301         |
| <b>Sum Frie disponible inntekter</b> | <b>-5 704 499</b> | <b>-5 552 065</b> | <b>-5 670 152</b> | <b>-5 875 385</b> | <b>205 233</b> |

Tabellen over er henta frå «Framsikt», der er teksten på bokmål.

Sentrale inntekter omfattar dei frie inntektene fylkeskommunen har som skatt, rammetilskot og rentekompensasjon. Samla utgjorde frie inntekter 5,9 mrd. kr. for fylkeskommunen i 2022. Auka inntekter på 205,2 mill. kr samanlikna med budsjett utgjør 3,5 %.

56,3 mill. kr i rammetilskot utover budsjett kjem fram av 36,0 mill. kr i auka inntektsutjamning for 2022 på grunn av høg skatteinngang på landsbasis og dessutan nysaldert statsbudsjett i desember. Ved nysaldering av statsbudsjettet 2022 i desember blei ubrukne midlar til koronakompensasjon for kollektiv fordelt per innbyggjar på landsbasis. Av dette blei Vestfold og Telemark tildelt 20,3 mill. kr. Nysaldering av statsbudsjettet som fann stad i slutten av desember har ikkje vore politisk behandla og disponert i fylkestinget i 2022.

Auka skatteinntekt i 2022 blei totalt på 135,7 mill. kr, 4,5 % over budsjett, og overgår skatteanslaga i både nasjonalbudsjettet og revidert nasjonalbudsjett. I november 2022 blei fylkeskommunen tilført skatteinntektene frå det korrigerde fordelingsoppgjeret for 2021, samtidig med avrekning av marginavsetninga. Det korrigerde fordelingsoppgjeret for 2021 hadde stor effekt i 2022 grunna auke i utbytteskatten frå 2022 som blei vedtatt i Stortinget i samband med statsbudsjettet for 2022.

Effekten av dette blei at mange skatteytarar valde å ta ut ekstraordinære utbytte i 2021, som i stor grad blei gjenstand for berekning av restskatt i 2022 og deretter tilført fylkeskommunen på slutten av året 2022.

## Sentrale utgifter

Sentrale utgifter består av avskrivningar. Avskrivningane i 2022 er i samsvar med budsjett på 356,5 mill. kr.

## Finansrapport

Fylkeskommunen hadde ved utgangen av 2022 samla lånegjeld på 5 968 mill. kr. Det er ein auke gjennom året på 487 mill. kr. Langsiktig gjeld utgjør hovuddelen av finansforvaltninga frå fylkeskommunen. All likviditet er plassert på konsernkonto hos hovudbanksamband, der alle midla blir forrenta til avtalte vilkår.

## Langsiktig lånegjeld

Langsiktig gjeld og tilhøyrande rentesikringsavtalar er beskrivne i egne notar til årsrekneskapen. Fordelt på typar låneinstrument, kan den langsiktige gjelda framstillast slik:


| Fordeling låneinstrumenter (tal i 1000) | 31.12.2022       | %-andel      | 01.01.2022       | %-andel      |
|-----------------------------------------|------------------|--------------|------------------|--------------|
| Sertifikatlån                           | 0                | 0 %          | 812 084          | 15 %         |
| Obligasjonslån                          | 2 470 562        | 41 %         | 1 808 562        | 33 %         |
| Gjeldsbrevlån                           | 3 497 672        | 59 %         | 2 860 691        | 52 %         |
| - herav grønne lån                      | 250 000          | 4 %          | 250 000          | 5 %          |
| Finansiell leasing                      | 0                | 0 %          | 19               | 0 %          |
| <b>Sum langsiktig lånegjeld</b>         | <b>5 968 234</b> | <b>100 %</b> | <b>5 481 356</b> | <b>100 %</b> |

Fordelt på långivar/-kjelde kan den langsiktige gjelda framstillast slik:

| Fordeling låneinstrumenter (tal i 1000) | 31.12.2022       | %-andel      | 01.01.2022       | %-andel      |
|-----------------------------------------|------------------|--------------|------------------|--------------|
| Sertifikatmarkedet                      | 0                | 0 %          | 812 084          | 15 %         |
| Obligasjonsmarkedet                     | 2 470 562        | 41 %         | 1 808 562        | 33 %         |
| Kommunalbanken AS                       | 3 052 997        | 51 %         | 2 385 516        | 44 %         |
| KLP Kommunekreditt                      | 444 675          | 7 %          | 475 175          | 9 %          |
| SG finans/Nordea finans/Volvo finans    | 0                | 0 %          | 19               | 0 %          |
| <b>Sum langsiktig lånegjeld</b>         | <b>5 968 234</b> | <b>100 %</b> | <b>5 481 356</b> | <b>100 %</b> |

Ved utgangen av 2022 hadde fylkeskommunen berre obligasjonslån og gjeldsbrevlån. Gjeldsbrevlån utgjorde den største delen av porteføljen (59 %). Den største långivaren var Kommunalbanken AS. Porteføljen til fylkeskommunen består av gjeldsbrevlån med lang avdragstid og flytande rente, enten basert på tre eller seks måneders Nibor (Norwegian Interbank Offered Rate) eller p.t. rente. DNB Markets er klart største lånekjelde når det gjeld obligasjonslån.

For å illustrere utviklinga i renteutgiftene til fylkeskommunen, ser me i figuren under utviklinga i tre måneders Nibor-rente frå mars 2018 fram til og med februar 2023.



Kjelde: Bergen Capital Management Finans

Like før me gjekk inn i 2022 viste Norges Bank prognosen sin at pengemarknadsrenta (tre mnd. Nibor) skulle ende på 1,5 % ved årsslutt. Den enda på 3,26 %. Renteoppgangen i 2022 har altså vore vesentleg høgare enn forventa ved inngangen til året.

For fylkeskommunens del har dette ført til auka renteutgifter på lån med slike referanserenter (sertifikat, obligasjonar, Nibor-lån og p.t. lån), men også reduserte renteutgifter på rentebyteavtalar (kvar fylkeskommunen betaler fast rente og får flytande rente). Korrigerer ein for auka renteinntekter (som følgjer same Nibor-rente), har fylkeskommunen i netto komme greitt ut av 2022, sett i lys av renteutviklinga. Rekneskapen viser renteutgifter på 132,2 mill. kr mot budsjett på 132,7 mill. kr.

## Løpetid og refinansieringsrisiko

Vestfold og Telemark fylkeskommune har ingen sertifikatlån ved utgangen av året, og del av låneporteføljen som forfell inntil eitt år fram i tid utgjør 16,54 %. Verdien av lån som forfell og som må refinansierast innan 12 månader er 987 mill. kr. Fylkeskommunen har redusert dei korte låna sine til fordel for lengre lån i gjeldsbrev – og obligasjonsmarknaden, og både delen og verdien av lån som forfell innan eitt år frami tid er redusert. Tilgang på kapital i marknaden har vore god i 2022 og fylkeskommunen vurderer derfor at refinansieringsrisikoen har vore låg i 2022.

## Rentesikring og renteeksponert gjeld

Rentesikringsavtalane er knytte opp til faktiske lån med omtrent same terminatoar og omtrent same avdrags-/nedtrappingsprofil. Desse har vore gjenstand for omfattande restrukturering gjennom heile året med det formålet å optimalisere porteføljen. Med bakgrunn i dette er det fire rentesikringsavtalar som er utgått i 2022, og det er ein som går ut i 2023.

I Finans- og gjeldsreglementet blir netto renteeksponert gjeld definert som gjeld til investeringsformål minus konsernlikviditet forrenta til kort, flytande rente. Vidare blir det gjort frådrag for berekningsgrunnlaget i rentekompensasjonsordningar der inntekta følgjer kort, flytande rente (skulebygg).

I tillegg til rentesikringsavtalar og rentekompensasjon for skulebygg, blir det definert ein gjennomsnittleg konsernlikviditet på 2 170 mill. kr som rentesikring. Ved at likviditeten er plassert til Nibor-basert rente, vil flytande låne- og innskotsrenter svinge i takt. Faktisk likviditet på bankkontoar har variert gjennom året.

Med dei ovannemnde rentesikringstiltaka kjem netto fram renteeksponert gjeld og sikra langsiktig gjeld ved utgangen av 2022 slik:

| Netto renteeksponert gjeld (tal i 1000)             |                  |
|-----------------------------------------------------|------------------|
| Langsiktig gjeld                                    | 5 968 200        |
| Estimert sjølvfinansierende gjeld                   | 1 557 700        |
| Konsernlikviditet                                   | 2 170 000        |
| <b>Netto renteeksponert gjeld</b>                   | <b>2 240 500</b> |
| Lån med rentebinding over 1 år (fastrente)          | 833 100          |
| Gjeld med renterisiko                               | 1 407 400        |
| <b>Del av gjeld med renterisiko</b>                 | <b>23,6 %</b>    |
| <b>Del av fastrente netto renteeksponert gjeld</b>  | <b>37,2 %</b>    |
| <b>Veid rentebinding netto renteeksponert gjeld</b> | <b>1,4 år</b>    |

Kravet frå økonomireglementet er at minimum 1/3 og maksimum 2/3 av netto renteeksponert gjeld skal ha fast rente / vere rentesikra, og at gjennomsnittleg gjenværande rentebinding på renteeksponert gjeld til kvar tid skal vere mellom 1 og 4 år. Netto renteeksponert gjeld er 2 241 mill. kr og sikra gjeld er 833 mill. kr eller 37,2 % av ordinær låneportefølje. Rentebindinga på renteeksponert gjeld er 1,4 år. Det vil seie at fylkeskommunen oppfyller krav i økonomireglementet.

## Plassering av likviditet

Kortsiktige midlar består av inneståande midlar på bankkonto i hovudbanken vår DNB. Avkastninga som blir oppnådd blir vurdert som tilfredsstillande, sett i forhold til dei avgrensingane

økonomireglementet frå fylkeskommunen set. I tråd med dette kan det plasserast i bankinnskot og pengemarknadsfond.

Ved utgangen av desember var bankbeholdninga 2 744 mill. kr. Dette er ein svært bra likviditetssituasjon. Bankavtala gir ei innskotsrente på 3 månader Nibor + 0,36 %. Per 31.12.22 var 3 månaders Nibor på 3,35 % og avtalt innskotsrente var då 3,71 %. Gjennomsnittleg avkastning i 2022 har vore 2,48 %.

Dei likvide midlane frå fylkeskommunen bør vere tilgjengelege på relativt kort sikt. Det er på den bakgrunnen ikkje funne formålstenleg å plassere i langsiktige obligasjonar, då plasserte midlar kan komme til bruk på eit ugunstig tidspunkt ved ei ufordelaktig rente eller kursutvikling. Samla sett gir plassering på konsernkonto ifølgje noverande bankavtale den mest gunstige kombinasjonen av avkastning og risiko.

## Samla risikovurdering i 2022

Med gjeldsoppbygginga til fylkeskommunen er renterisiko den typen finansiell risiko som har mest å seie. Omtrent 37 % av netto renteeksponert gjeld er sikra med rentesikring- og fastrenteavtalar, og ein rentesikringsavtale går ut i 2023. Reelt sett er større del av låneporteføljen sikra, då bankinnskot gjennom året gjennomsnittleg har vore 2 620 mill. kr. Refinansieringsrisikoen i porteføljen blir vurdert som låg. Dei plasserte midlar blir vurderte som plassert risikofritt og med tilfredsstillande avkastning hos hovudbanksamband.

Det er ikkje nokre avvik mellom krava i finans- og gjeldsreglementet og den faktiske forvaltninga, som vist i tabellen under.

| Finansreglementets krav og strategi                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |        |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------|
|  | Utarbeide klimabudsjett og klimarapportering for egen drift og for regionen. | Videreutvikle klimabudsjettet og rapporteringen.                                                                                                                                                                                                         | Prosentvis direkte utslippskutt (mål: 70 %).                                                                                                                                                                                                                                                             | Direkte utslipp fra fylkeskommunens virksomhet gikk ned med 20 %. Energibruk i fylkeskommunens virksomhet gikk ned med 8 %. Direkte utslipp i fylket som                                                                                                                             |

| FNs bærekraftsmål                                                                   | Tiltak fra Regional planstrategi                                                                                                                                    | Ambisjon for perioden                                                                              | Indikator                                                                                              | Status                                                                                                                                                                                                               |
|-------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|    | Arbeid gjennom partnerskap og nettverk. Gi strategisk retning til samfunnsutviklingen. Involvering og medvirkning for å i fellesskap komme fram til gode løsninger. | Partnerskapet Bærekraftige Vestfold og Telemark.                                                   | Antall deltakere på aktivitetene i nettverkene.                                                        | helhet gikk ned med 6,6 %.                                                                                                                                                                                           |
|                                                                                     |                                                                                                                                                                     | Plan & Utvikling (kompetansenettverk for planleggere, by- og stedsutvikling i fylket).             | Antall medlemmer i nettverkene.                                                                        | Partnerskapet Bærekraftige Vestfold og Telemark ble vedtatt lagt ned grunnet fylkesdeling. Antall medlemmer i Plan & utvikling var 320. Antall saker i Regionalt planforum var over 30. Antall FoU-prosjekter var 6. |
|  | Etablere et samarbeid med kommuner og bedrifter om et klimanettverk.                                                                                                | Inngå/delta i samhandlings-/FoU-prosjekter.                                                        | Antall innmeldte saker fra kommunene til regionalt planforum.                                          |                                                                                                                                                                                                                      |
|                                                                                     |                                                                                                                                                                     | Nettverk for kommunale barnerepresentanter (lvareta barn og unge i planleggingen)                  | Antall samhandlings-/FoU-prosjekter.                                                                   |                                                                                                                                                                                                                      |
|  |                                                                                                                                                                     | Nettverk for universell utforming.                                                                 | Antall piloter/case i Vestfold og Telemark.                                                            |                                                                                                                                                                                                                      |
|                                                                                     |                                                                                                                                                                     | Styrke og videreutvikle Klima- og energinettverket til den foretrukne møteplass for klimaspørsmål. | Antall og andel innleverte klimaregnskap fra medlem-virksomhetene.                                     | Nettverket hadde ca. 60 medlemmer og 5 samarbeidspartnere                                                                                                                                                            |
|  |                                                                                                                                                                     |                                                                                                    | Antall ulike virksomheter og andel av medlemstall aktivitet i nettverket (målt i deltakelse på møter). | 26 medlems-virksomheter leverte klimaregnskap for 2021, samme som i 2020.                                                                                                                                            |
|                                                                                     |                                                                                                                                                                     |                                                                                                    |                                                                                                        | Nettverket hadde 5 digitale og 6 fysiske medlemsmøter. I snitt har 33 medlemsvirksomheter deltatt på vanlige webinar/medlemsmøter.                                                                                   |

## Samfunnsutvikling, internasjonalisering og klima

### Budsjettpremissar

#### Sektoren skal gjennomføre Ringvirkningsprosjektet for CCS i Vestfold og Telemark

“Ringvirkningsprosjekt for CCS i Vestfold og Telemark” blei sett på vent og politikarane la fram ei ny sak om «Grøn industri og fornybar energi i Vestfold og Telemark». Det blei vedteke i FT-sak 96/22 å utvide Ringvirkningsprosjektet for CCS til ein breiare samansett samhandlingsarena for grøn industri, som skal finne løysingar for å nå målet om ein klimapositiv industriregion med god kraftbalanse. Dette skal erstatte «Ringverknadsprosjekt for CCs». På grunn av ressursmangel blei dette arbeidet forskove fram i tid.

#### Sektoren prioriterer oppfølging av planarbeidet i kystsona

Fylkestinget vedtok planprogrammet for arbeidet med «Regional plan for kystsona i Vestfold» og «Regional kystsoneplan for Telemark» i FT-sak 54/22. Planprogrammet skildrar korleis arbeidet med kystsoneplanen skal gjennomførast.

Eit kunnskapsgrunnlag er utarbeidd og planprosessen er godt i gang: Det er arrangert oppstartskonferanse, synfaring med båt i skjergarden i Telemark og gjennomført møte i styringsgruppa, i prosjektgruppa og i dei politiske referansegruppene.

#### Sektoren skal vareta lovpålagde oppgåver i samsvar med plan- og bygningslova

Samfunn og plan leier og organiserer Regionalt planforum som er ei lovpålagd oppgåve. Møtearenaen er eit viktig ledd i samhandling mellom dei regionale styresmaktene og kommunane. Bruken har vore aukande, særleg for å få signal frå regionale styresmakter før oppstart av saker. Det har vore gjennomført over 30 planforum.

Samfunn og plan har behandla 354 plansaker i 2022 med følgjande fordeling: 20 kommunedelplanar, 5 områdereguleringar, 329 detaljreguleringsplanar og 83 dispensasjonssaker.

I 2022 har me arbeidd mykje med å sikre rutinar og arenaar for å skapa god intern og ekstern samhandling. Det er avklart koordinerings- og ansvarsforhold til minerallova og lov om regulering av vassdrag. Arbeidet med rutinar for intern samhandling og avveging av motstridande interesser i samband med fylkeskommunen sine eigne reguleringsplanar (samferdselstiltak) er fullført og blir gjennomført i alle saker.

#### Sektoren skal vere ein pådrivar for å styrke regionen i arbeidet med grøn omstilling

Det blei gjennomført ei kartlegging av potensialet for produksjon av fornybar energi i Vestfold og Telemark i 2022, men rapporten blei ikkje lagd fram politisk på grunn av for dårleg kvalitet på arbeidet. Problemstillinga blei følgd opp i FT-sak 96/22 om Grøn industri og fornybar energi i Vestfold og Telemark. Fylkestinget vedtok å starte på eit forarbeid for ein mogleg regional plan eller strategi for areal- og kraftkrevjande verksemd, og ta initiativ til oppstart av ein ny samhandlingsarena for grøn industri. På grunn av ressursmangel blei dette arbeidet skuva fram i tid.

### Sektoren skal vidareutvikle oppfølginga av klimamålet frå fylkeskommunane

Klimabudsjett og klimarekneskap blei vidareutvikla som styringsverktøy for å sikre at fylkeskommunen når dei vedtatte klimamåla i 2030. Fylkesdirektøren fremja mål om å redusere energiforbruk i eiga verksemd med 15 % i 2030, samanlikna med 2020. Direkte klimagassutslepp og energibruk frå eiga verksemd blir rekna som fullstendig kartlagt, og gjekk ned med høvesvis 20 % og 8 % frå 2021 til 2022. Arbeidet med kartlegging av indirekte utslepp frå innkjøp og innkjøp hadde stor framgang i 2022. Utslepp frå kontraktar og rammeavtalar i vegsektoren blei byrja på i 2022 og skal vere ferdigstilt innan utgangen av 2023.

Direkte utslepp frå fylket samla sett blei rapportert i klimarekneskapen, og gjekk ned med 6,6 % frå 2021 til 2022.

### Utvalde resultat

| Tiltak                                                                             | Status per 31.12.22                                                                                                      | Tal i 1000   |
|------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------|
| HKAP 75/22 Tilrettelegging for auka bruk av biogass i tilknytning til E134 – 2022. | Støtta blir gitt som investeringsstøtte for å bidra til realisering av utbygging av fyllestasjon for biogass langs E134. | 2 500        |
| HKAP 15/22 Tiltak for å auke utbyggingstakten på solenergiløysingar på yrkesbygg.  | Støtta delfinansierer moglegheitsstudiar for solenergi på yrkesbygg.                                                     | 2 000        |
| HKAP 20/22 Solkraftproduksjon – Solkraftparker.                                    | Oppstart av arbeidet med moglegheitsstudiar for solkraftproduksjon på utvalde lokasjonar.                                | 5 000 totalt |

### Arealrekneskap

Arealrekneskapen for 2022 er lagt ved denne årsmeldinga.

Fylkestinget vedtok eit verbalpunkt i budsjettvedtaket i desember 2021 som lydde «Vestfold og Telemark fylkeskommune vil arbeida mot eit mål om full arealnøytralitet innan 2030». I 2022 vart det førebudd korleis Vestfold og Telemark fylkeskommune skal arbeide med å setje i gang nokre av dei definerte oppgåvene til 2024. I 2022 sette Vestfold og Telemark fylkeskommune i gang eit samarbeidsprosjekt med Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) som gjeld å utvikle ein «kartbasert klimagasskalkulator» der kommunane kan få berekne klimagassutslepp som vil følgje av planlagde arealbruksendringar. Vestfold og Telemark fylkeskommune hadde også ansvar for ein parallellsesjon med tema arealrekneskap, arealbudsjett og økosystemkartlegging på berekraftskonferansen Beredus (03.11.2022).

### Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei, Heiplanen og regional plan for Hardangervidda og fylkesdelplan Hardangervidda

Dei tre regionale arealplanane for fjellområda har til hensikt å avstemme og sikre behovet til villreinen for samanhengande og funksjonelle leveområde opp mot behovet for nærings- og tettstadutvikling i lokalsamfunna.

Den årlege Heiplansamlinga 2022 vart arrangert i Årdal i Rogaland 14.-15. september.

Eit større prosjekt som er verdt å nemne her er arbeidet med felles stig- og løypeplan for Hardangervidda, som er ei oppfølging av handlingsprogrammet for perioden 2021-2024 for regional plan for Hardangervidda 2019-2035. Formålet er å betre tilgangen villreinen har til viktige leveområde.

### **Medverknad frå unge i planlegging**

HKAP bestilte ein planretteiar/nettside for ungdomsrådet hausten 2020. I 2022 er det arbeidd vidare med å utvikle denne nettsida. Jobben har gått ut på å ferdigstille seks korte filmar med bilete og tekst saman med to eksterne aktørar. Fleire fagmiljø, barnerepresentantane og enkelte ungdomsrådsrepresentantar i kommunar og fylkeskommunen har bidratt med hjelp og tilbakemeldingar til form og innhald.

«Demokratirettleiar for ungdomsrådet» skal ferdigstillast våren 2023. Rettleiaren er i dynamisk utvikling og kan endrast når det trengs.

## **Viktige hendingar**

### **Klima- og energinettverket**

Klima- og energinettverket i Vestfold og Telemark, ved Vestfold og Telemark fylkeskommune, fekk Klimasatssmidlar (1,5 mill. kr) fordelt over to år, til en klimarådsgjevar på klimavennlege innkjøp. I desember 2022, blei det tilsett ein rådsgjevar for klimavennlege innkjøp mellombels.

Klimarekneskapet for fylkeskommunen for 2022, syner at omtrent 98 % av utsleppa frå fylkeskommunen kjem frå scop3 (innkjøp), det gjeld primært innkjøp av transporttenester, bygg og anlegg.

I 2022 blei fire grønne innkjøp gjennomført. Det var asfaltkontrakt i Vestfold, vegdriftskontrakt i nedre Telemark, og elektronisk arbeid ved Bø og Nome (avd. Søve) vidaregåande skular.

Det blir arbeidd med å få inn krav knytt til klimapositive byrom i til dømes ATP Grenland, handlingsprogram for Bypakka og andre planar.

### **Vassforvaltning**

Den regionale planen for vassforvaltning i Vestfold og Telemark vassregion 2022-2027 blei vedtatt i fylkestinget i desember 2021, og denne blei godkjend av Klima- og miljødepartementet 31. oktober 2022.

Fylkeskommunen følgjer også opp «Helhetlig tiltaksplan for en ren og frisk Oslofjord med et aktivt friluftsliv» og rapporterte på framgangen av denne før sommaren 2022. I planen har fylkeskommunane hovudansvar for 12 tiltak innan samferdsel, kulturarv, friluftsliv og plan, og skal rapportere på desse årleg.

### **Fylkessenter Seljord**

Fylkessenteret i Seljord har vore under oppbygging gjennom 2022. Tilsette som har ynskt det har fått arbeidsstad Seljord, og det har vore utlysingar for å sikre rekruttering til fylkessenteret.

Fylkestinget vedtok i sak 94/22 ny frist for å nå målet om minst 20 årsverk til utgangen av 2023. Status ved nyttår er 17 stillingar og vel 16 årsverk.

Ombygging av lokala er gjennomført i 2022. Fylkeskommunen overtok like før jul eit moderne kontorbygg som også har møteromsfasilitetar til intern og utetterretta aktivitet.

Fylkessenterleiar vart tilsett og han starta i jobben 26. september. Dette er ei viktig stilling for å koordinere drifta på senteret, samhandling internt i organisasjonen og å ha kontakt med eksterne aktørar i øvre delar av fylket.

### **Bystrategi Grenland og Bypakke Grenland**

I 2022 ble det bygd bypakkeprosjekt for om lag 140 mill. kr. og 100 mill.kr av desse ble investert på fylkesveg. Det blei brukt om lag 64 mill. kr frå belønningsavtala til drift, 57 mill. kr av desse gjekk til drift av kollektivtransport.

### **Regionale planstrategiar**

Arbeidet med å leggje til rette for ein god prosess for å utarbeide to regionale planstrategiar for komande Vestfold fylkeskommune og Telemark fylkeskommune starta i 2022. Arbeidet har mellom anna vore planlegging i administrasjonen, og oppstart av arbeidet med kunnskapsgrunnlag for fylka og oversynsdokumentet for folkehelse.

### **Regional plan for berekraftig arealpolitikk i Vestfold**

Kommunane har søkt og fått tildelt støtte frå Handlingsprogrammet til utgreiingar, analysar eller prosjekt som støttar opp under målsetjingane til planen, særleg innan by- og stadutvikling. Tilskotsramma har vore på 1 mill. kr. Det er i tillegg pågåande samarbeid med kommunar om sentrums- og områdeutvikling. Mellom anna kan me nemne: Strategi- og prinsipplan for Kaldnes vest, Handlingsprogram for Tønsberg sentrum (HPS), sentrumsutvikling i Larvik, ulike byromprosjekt, klimapositiv design uterom (LCA) og Holmestrand Nordbyen.

Handlingsprogrammet blei revidert i 2022.

### **Regional plan for samordna areal og transport i Grenland**

I 2022 vart det utarbeidd kunnskapsgrunnlag til planarbeidet i Grenland, og arbeid med planprogram starta opp. Den formelle revisjonen av ATP-Grenland vil starte opp når det strategiske grunnlaget har kome noko lenger.

### **Oppfølging av fritidsbustadrapportane for Vestfold og Telemark**

Hovudutval for klima, areal og plan vedtok i 2022 å følge opp fritidsbustadrapporten frå Østlandsforskning og kunnskapsgrunnlaget frå VT+. Gjennom året har representantar frå samfunn og plan deltatt i ulike seminar med fritidsbusetnad som tema. Fritidsbusetnad har også vore tema for webinar under plan- og utviklingsnettverket. Kunnskap har også blitt formidla internt i seksjonen.

Dette arbeidet har fått nasjonal merksemd, og resultert i nasjonal rapport om kor mykje areal som er sett av til fritidsbustader i landet.

### Regional plan for samordna areal og transport (ATP) i Telemark 2015-2025

Planen er førande for areal- og transportutviklinga i Telemark og fylkeskommunen sine innspel til planarbeid i kommunane. Dei 13 kommunane i planområdet kunne våren 2022 søke tilskot til arbeid forankra i Handlingsprogram 2019-2022. Utlysingane hadde ei ramme på 1,0 mill. kr. Tilskot vart tildelt Småbypakke Rjukan by, Bygdepakke Midt-Telemark, Arkitektkonkurranse fortetting med kvalitet i Folkestadbyen/Århusjordet i Fyresdal, sykkelsatsing og 10 punkt frå ungdommane sitt distriktspanel i stadutvikling Dalen og GNIST Nome knytt til Fensfeltet.

Nytt handlingsprogram 2023-2026 med budsjett blei vedtatt 13. desember 2022.

### Kompetansenettverket Plan & Utvikling

Nettverket har omlag 350 medlemmer. Nettverket arrangerer 10 fagsamlingar hos ein kommune eller som webinar. I tillegg tilbod nettverket innføringskurs i regulering og kurs i plan- og bygningsrett. I mars blei det arrangert ein felles konferanse med Klimanettverket.

### Status økonomi

Tal i 1000

| Budsjettområde                | Regnskap<br>2022 | Oppr. bud.<br>2022 | Rev. bud.<br>2022 | Avvik i kr    | Avvik i %     |
|-------------------------------|------------------|--------------------|-------------------|---------------|---------------|
| 80-Direktør samfunnsutvikling | 4 491            | 5 781              | 6 350             | 1 858         | 29,3 %        |
| 81-Samfunn og plan            | 26 905           | 23 718             | 26 788            | -117          | -0,4 %        |
| 82-Klima og miljø             | 25 693           | 26 594             | 40 646            | 14 953        | 36,8 %        |
| 84-Fylkessenter i Seljord     | 348              | 1 000              | 1 000             | 652           | 65,2 %        |
| <b>Sum</b>                    | <b>57 438</b>    | <b>57 093</b>      | <b>74 784</b>     | <b>17 346</b> | <b>23,2 %</b> |

### Kommentar til status økonomi

Tabellen over er henta frå «Framsikt», der er teksten på bokmål.

Rekneskapen viser eit mindreforbruk for sektor for samfunnsutvikling, internasjonalisering og klima på 17,4 mill. kr samanlikna mot budsjett for 2022, noko som svarer til 23,2 %.

For direktør for samfunnsutvikling, består mindreforbruket på 2,4 mill. kr hovudsakleg av ufordelt sektorreserve og deflator frå revidert nasjonalbudsjett.

Seksjon for klima, miljø og internasjonalisering har eit mindreforbruk på 15,0 mill. kr. 8,8 mill. kr av mindreforbruket er knytt til forskuvingar til 2023 i prosjekt knytt til Miljø- og klimamidlar 2021 og prosjekt for å fremje solkraft. Vidare kjem det fram eit mindreforbruk av økonomiske prioriteringar, sidan innsatsfaktoren frå fylkeskommunen i stor grad har vore bruk av arbeidstimar, til dømes knytt klimanettverket og ringverknadsprosjektet for CCS.

## Hovudutval for klima, areal og plan

### Status økonomi

Tal i 1000

| Budsjettområde | Regnskap<br>2022 | Oppr. bud.<br>2022 | Rev. bud.<br>2022 | Avvik i kr | Avvik i % |
|----------------|------------------|--------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum            | 740              | 13 376             | 35 876            | 35 136     | 97,9 %    |

### Kommentar til status økonomi

Tabellen over er henta frå «Framsikt», der er teksten på bokmål.

Opphavleg budsjett til hovudutval for klima, areal og plan var 13,7 mill. kr. I resultatvurderingssaka (FT-sak 40/22) blei det avsett 25,0 mill. kr til hovudutvalet for å investere i solenergi på eigne bygg. I 1. tertial blei 5,0 mill. kr til «styrket arbeid for å fremme solkraft» lagt til.

| Tilvising til vedtak | Tekst                                                                                                                                                                                                              | Tal i tusen   |
|----------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------|
| FT sak 178/21        | Effektivisering som følge av fylkessamanslåinga                                                                                                                                                                    | -101          |
| FT sak 178/21        | Gjenbruk av utstyr i innkjøp og anskaffingar                                                                                                                                                                       | -23           |
| FT sak 178/21        | Frisk Oslofjord                                                                                                                                                                                                    | 1 500         |
| FT sak 178/21        | Infrastruktur Biogass                                                                                                                                                                                              | 2 500         |
| FT sak 178/21        | Oppfølging utslippsmål 70 % i eiga verksemd                                                                                                                                                                        | 8 000         |
| FT sak 178/21        | Ringvirkning 2.0                                                                                                                                                                                                   | 1 500         |
|                      | Opphavleg budsjett                                                                                                                                                                                                 | 13 376        |
| FT 68/22             | Behandling. Oppfølging utsleppsmål 70 % i eiga verksemd. Overføring til investeringen når anskaffelsen er fullført. 0,7 mill. kr belast 2022. Leveranseforsinkingar medfører at utgifter blir skuba fram til 2023. |               |
| FT sak 40/22 pkt 2   | Solenergi på eiga bygg (frå resultatvurderingssaka) til investering                                                                                                                                                | 25 000        |
| FT sak 79/22 pkt 7a  | T1 styrke arbeid for å fremje solkraft                                                                                                                                                                             | 5 000         |
| FT sak 180/22        | Styrke arbeid for å fremje solkraft                                                                                                                                                                                | -5 000        |
| FT sak 183/22        | Tilskuddskot Biogass tilknytt til E134                                                                                                                                                                             | -2 500        |
| <b>SUM</b>           |                                                                                                                                                                                                                    | <b>35 876</b> |

## 10.3. Hovudutval for kultur, folkehelse, tannhelse og idrett

### Oppsummering økonomistatus

Ny budsjett- og rammestruktur blei innarbeidd i budsjett og økonomiplan 2022-2025 etter vedtak i FT-sak 86/21 «Budsjett 2021 - Oppfølging av verbalvedtak 18 – Rammestyring».

Tabellen under viser sektorområda som er grupperte til hovudutval for kultur, folkehelse, tannhelse og idrett, inkludert budsjett og rekneskap for hovudutvalet. Sektoren rapporterer eit samla mindreforbruk på 7,8 mill. kr mot revidert budsjett.

Eventuelle budsjettavvik blir kommenterte under kvar seksjon.

Tabellen under er henta frå «Framsikt», der er teksten på bokmål.

### Status økonomi gruppert til Hovudutval for kultur, folkehelse, tannhelse og idrett

Tal i 1000 kr

| Sektorområde                                                          | Seksjon                                                               | Regnskap<br>2022 | Oppr. bud.<br>2022 | Rev. bud.<br>2022 | Avvik i kr   |
|-----------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------|------------------|--------------------|-------------------|--------------|
| Folkehelse og livsmestring                                            | Folkehelse og livsmestring                                            | 19 240           | 18 540             | 19 071            | -168         |
| Hovedutvalg for kultur, folkehelse, tannhelse, frivillighet og idrett | Hovedutvalg for kultur, folkehelse, tannhelse, frivillighet og idrett | 0                | 4 697              | 94                | 94           |
| Kultur, regional identitet, idrett og frivillighet                    | Fylkesbibliotek                                                       | 37 688           | 17 826             | 38 170            | 482          |
| Kultur, regional identitet, idrett og frivillighet                    | Kultur, idrett og friluftsliv                                         | 87 955           | 77 282             | 90 677            | 2 721        |
| Kultur, regional identitet, idrett og frivillighet                    | Kulturarv                                                             | 32 692           | 27 964             | 31 089            | -1 603       |
| Kultur, regional identitet, idrett og frivillighet                    | Kulturdirektør                                                        | 2 593            | 7 318              | 3 048             | 455          |
| Kultur, regional identitet, idrett og frivillighet                    | Muséene                                                               | 86 750           | 49 776             | 86 575            | -176         |
| Kultur, regional identitet, idrett og frivillighet                    | Verdensarvkoordinator                                                 | 1 997            | 1 819              | 2 026             | 29           |
| Tannhelse og forebygging                                              | Tannhelsedirektør og sektorutvikling                                  | 13 750           | 18 172             | 14 879            | 1 129        |
| Tannhelse og forebygging                                              | Tannklinikkene                                                        | 200 231          | 159 063            | 205 048           | 4 817        |
| <b>Totalsum</b>                                                       |                                                                       | <b>482 897</b>   | <b>382 456</b>     | <b>490 676</b>    | <b>7 779</b> |

### FNs berekraftsmål

Tabellen er henta frå «Framsikt», der er teksten på bokmål.

| FNs bærekraftsmål                                                                                        | Tiltak fra Regional planstrategi                             | Ambisjon for perioden                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          | Indikator                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                | Status                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 10 MINDRE ULIKHET<br>   | Bedre tannhelsetilbud til pasienter med særlige utfordringer | <p>Starte opp Trygge barn i tannbehandling våren 2022 (TBIT)</p> <p>Videreføre og styrke Tilrettelagt tannhelsetilbud for tortur- og overgrepsatte og personer med sterk angst for tannbehandling</p>                                                                                                                                                                          | <p>Antall som får tilbud (TBIT)</p> <p>Antall som har fått tilbud (TOO)</p> <p>Ventetid fra første kontakt til start på angstbehandling</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              | <p>Tilbudet kunne ikke starte opp i 2022 på grunn av manglende lokaler.</p> <p>131 fikk TOO-tilbud.</p> <p>Ca 12 måneders ventetid.</p>                                                                                                                                                                                                                                                |
| 10 MINDRE ULIKHET<br>   | Forebyggende arbeid blant eldre                              | <p>Revidere samarbeidsavtale med helse- og omsorgstjenestene i kommunene</p> <p>Utvikle e-læringsprogram om eldres tannhelse</p>                                                                                                                                                                                                                                               | <p>Økning i antall henvisninger av pasienter med helsehjelp i hjemmet (C2) ifht tidligere år</p> <p>Resultat BSI for pasienter med helsehjelp i hjemmet</p> <p>Antall gjennomførte opplæringsprogram (kommunalt ansatte)</p>                                                                                                                                                                                                                                             | <p>Upålitelige data på grunn av ettervirkninger av pandemien</p> <p>Upålitelige data, da bare delvis registrert i 2022</p> <p>Ikke hatt ressurser til dette på grunn av ettervirkninger av koronapandemien og høyt sykefravær.</p>                                                                                                                                                     |
| 10 MINDRE ULIKHET<br> | Forebyggende arbeid i barnehage, skole og helsestasjon       | <p>Aktivt følge opp samarbeidsavtalen med helsestasjon og skolehelsetjeneste fra våren 2021</p> <p>Ta aktivt del i helsefremmende program i skole og barnehage, slik som Liv og Røre, Fiskesprell o.a.</p> <p>Styrke samarbeid med videregående opplæring, med vekt på helsefaglige linjer.</p> <p>Styrke samarbeid med høyskoler og universitet om tannhelseundervisning.</p> | <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Antall henvisninger fra helsestasjonen</li> <li>2. Antall henviste 2 åringer</li> <li>3. Kariesresultat på 3-, 5-, 12- og 18-åringer</li> <li>4. Antall kommuner der tannhelse har vært involvert i Liv og Røre</li> <li>5. Antall klasser der tannhelse har vært involvert i Liv og Røre</li> <li>6. Antall klasser der tannhelsetjenesten har hatt undervisning (VGO)</li> <li>7. Antall nye samarbeidsprosjekter</li> </ol> | <ol style="list-style-type: none"> <li>1. 273</li> <li>2. 79</li> <li>3. 2021-2022: 3-åringer: 93 % - 94 %, 5-åringer: 80 % - 77 %, 12-åringer: 57 % - 58 %, 18-åringer: 28 % - 29 %</li> <li>4. Antall kommuner: 10</li> <li>5. Antall klasser med Liv og Røre: 44</li> <li>6. Antall klasser med undervisning: 13</li> <li>7. Hatt ett møte med USN Porsgrunn i mai 2022.</li> </ol> |

| FNs bærekrafts-mål                                                                                                              | Tiltak fra Regional planstrategi                                                         | Ambisjon for perioden                                                                                                                                                                                                                                | Indikator                                                                                                                                  | Status                                                                                                                                                                                                   |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                                                                                                                 |                                                                                          |                                                                                                                                                                                                                                                      | ter med sykepleie- og masterstudent-utdanningen                                                                                            |                                                                                                                                                                                                          |
|  <b>10</b> MINDRE ULIKHET                      | Ha oversikt over helsetilstanden og understøtte kommunenes systematiske folkehelsearbeid | Øke kunnskapen om folkehelse på kommune- og fylkesnivå gjennom undersøkelser, analyser og formidling                                                                                                                                                 | <p>Livskvalitet fordelt på sosioøkonomiske kategorier.</p> <p>Bruk av folkehelseundersøkelser og Ungdata i kommunale oversiktsdokument</p> | I 2022 har det blitt jobbet med å spre resultater fra Ungdata og Folkehelseundersøkelsen, som begge ble gjennomført i 2021.                                                                              |
|  <b>10</b> MINDRE ULIKHET                     | Styrke en helsefremmende opplæring                                                       | <p>Øke deltakelse i Liv og Røre og utvikle modeller for nye målgrupper fra barnehage og videregående</p> <p>Øke og forbedre elevmedvirkning som del av helsefremmende opplæring</p>                                                                  | <p>Antall barnehager og videregående skoler som deltar i Liv og Røre.</p> <p>Elevenes opplevelse av medvirkning.</p>                       | Deltakelsen i Liv og Røre for kommuner og videregående skoler har fortsatt å øke. Det er utviklet nye modeller for nye målgrupper, der også elevmedvirkning står sentralt.                               |
|  <b>10</b> MINDRE ULIKHET                    | Bidra til tilrettelagt og universelt utformet tilgang til kultur i fylket                | <p>Oppgradere tilrettelagte kulturminner i fylket med informasjonstavler og digitale formidlingsløsninger.</p> <p>Stimulere til utvikling av bibliotekene som sosiale møteplasser og inkluderende arenaer i et kultur- og folkehelse-perspektiv.</p> | <p>Antall tilrettelagte kulturminner/-miljøer.</p> <p>Antall besøkende</p>                                                                 | <p>Det er 73 kulturmiljøer med en eller flere informasjonstavler, 28 i Telemark og 45 i Vestfold.</p> <p>Det ble registrert 1 531 890 besøk og 1 566 245 utlån på folkebibliotekene i fylket i 2022.</p> |
|  <b>11</b> BÆREKRAFTIGE BYER OG LOKALSAMFUNN | Bidra til helsefremmende nærmiljø                                                        | Øke kunnskap om og fremme samarbeidsformer med kommuner, organisasjoner og andre lokale aktører om å bygge trygge og sunne lokalsamfunn                                                                                                              | Innbyggernes trivsel i nærmiljøet.                                                                                                         | Temaet ble satt på dagsorden i folkehelsenettverket i fylket. Det har blant annet skjedd gjennom økt kompetanse på helsekonsekvensvurderin                                                               |

| FNs bærekrafts-mål                                                                                                              | Tiltak fra Regional planstrategi                                                                                                    | Ambisjon for perioden                                                                                                                                                                                                                                                    | Indikator                                                                                                                                               | Status                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                                                                                                                 |                                                                                                                                     |                                                                                                                                                                                                                                                                          |                                                                                                                                                         | ger i planlegging etter plan- og bygningsloven.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
|  <b>11 BÆREKRAFTIGE BYER OG LOKALSAMFUNN</b>   | Styrke og utvikle en aktiv og inkluderende frivillighet, fremme mangfold og inkludering og motvirke utenforskap                     | Gjennomføre tiltakene innen program for folkehelse som gjelder frivillighet og sosial inkludering.                                                                                                                                                                       | Andelen av prosjekter i program for folkehelsearbeid som har startet opp og eller gjennomført evalueringsarbeid                                         | Et læringsnettverk har bidratt til å øke kompetansen på fasilitering og innovative arbeidsmetoder i arbeidet med kommunale frivillighetsplaner. Fylkeskommunen har partnerskapsavtaler med 13 frivillige organisasjoner, om å fremme god psykisk helse og bidra til sosial utjevning.                                                                              |
|  <b>11 BÆREKRAFTIGE BYER OG LOKALSAMFUNN</b> | Vern og bærekraftig bruk av internasjonalt, nasjonalt og regionalt viktige kulturminner og kulturmiljøer, samt friluftslivs-områder | <p>Kartlegge nasjonalt og regionalt viktige kulturmiljøer og andre arealkategorier for å gjøre arealforvaltningen mer forutsigbar</p> <p>Stimulere kommuner og interkommunale friluftsråd til å utarbeide forvaltningsplaner for statlig sikrede friluftslivsområder</p> | <p>Antall kulturmiljøer som er kartlagt i hver kommune.</p> <p>Antall forvaltningsplaner målt opp mot antallet statlig sikrede friluftslivsområder.</p> | <p>VTFK har kartlagt kulturmiljøer av nasjonal interesse i Telemark.</p> <p>Bamble: 3, Fyresdal: 2, Hjartdal og Seljord: 1, Kragerø: 2, Midt-Telemark: 2, Nissedal: 1, Nome: 2, Notodden: 4, Porsgrunn: 3, Skien: 4, Tinn: 1, Tokke: 2, Vinje: 2</p> <p>Det er ca. 300 områder totalt i fylket, og det er utarbeidet forvaltningsplaner for omlag 230 områder.</p> |

| FNs bærekraftsmål                                                                   | Tiltak fra Regional planstrategi                                                                                                   | Ambisjon for perioden                                                                                                                                               | Indikator                                                                 | Status                                                                                                                                                 |
|-------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|    | Arbeide for at alle i fylket skal ha gode og tilrettelagte arenaer for å skape, utøve, vise fram og oppleve kultur av høy kvalitet | Bidra til å styrke og synliggjøre bibliotekenes rolle som lokale litteraturhus og arenaer for folkeopplysning                                                       | Antall arrangementer og deltakere på arrangementer i regi av bibliotekene | 3489 arrangement med 76624 frammøtte                                                                                                                   |
|                                                                                     |                                                                                                                                    | Stimulere til økt volum av og kvalitet på søknader om spillemidler til lokale kulturarenaer, anlegg og områder for idrett, friluftsliv og egenorganisert aktivitet. | Antall søknader om spillemidler.                                          | Fylkeskommunen behandlet 447 søknader og fordelte i 2022 144,5 mill. kr i spillemidler til ulike idretts- og friluftslivsanlegg.                       |
|                                                                                     |                                                                                                                                    | Utvikle gode arenaer for opplæring, kunnskapsdeling og erfaringsdeling for kulturfrivilligheten.                                                                    | Antall arenaer/arrangementer (kulturfrivilligheten)                       | Gjennomførte frivillighetens år, frivillighetsdialogen, samt et regionalt møte for kunnskapsdeling. Medarrangør for 4 frivillighetsbørsen i kommunene. |
|                                                                                     |                                                                                                                                    | Videreutvikle padleled Vestfold og Telemark og sørge for fysisk og digital tilrettelegging.                                                                         | Antall km padleled                                                        | Gjennomførte møter ifm. flyktningssituasjonen med frivillige organisasjoner.                                                                           |
|  | Sørge for at kulturtilbudet er preget av aktualitet, allsidighet og kvalitet                                                       | Kartlegge visningssteder for Den kulturelle skolesekken.                                                                                                            | Antall registrerte visningssteder for DKS                                 | Padleled ble ferdigstilt langs Telemarkskysten, Telemarkskanalen og Vestfoldkysten, 1 428 km.                                                          |
|                                                                                     |                                                                                                                                    | Utvide fribyordningen med flere kommuner.                                                                                                                           | Antall kommuner som er med i fribyordningen.                              | I 2022 ble det gjennomført normalt vedlikehold av register (DKS).                                                                                      |
|  | Arbeide for bærekraftig planlegging, utforming, bygging og drift av idretts- og friluftslivsanlegg                                 | Styrke bibliotekenes rolle som formidlere av kvalitetssikret informasjon.                                                                                           | Antall kurs vi har holdt om bibliotekenes rolle som formidlere.           | 8 kommuner er med i ordningen.                                                                                                                         |
|                                                                                     |                                                                                                                                    | Stimulere til bruk av alternative muligheter for innfyll i kunstgressbaner                                                                                          | Antall forsøksbaner som er etablert                                       | Gjennomført 35 kompetansetiltak i 2022.                                                                                                                |
|                                                                                     |                                                                                                                                    |                                                                                                                                                                     |                                                                           | Det er etablert mer enn 3 forsøksbaner i regionen.                                                                                                     |

| FNs bærekraftsmål                                                                 | Tiltak fra Regional planstrategi                     | Ambisjon for perioden                                                                                                                                                                                                                     | Indikator                                                                                                                       | Status                                                                                                                                                                                                                                |
|-----------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|  | Bidra til at kulturarrangementer får grønnere profil | <p>Evaluerer og reviderer fylkeskommunale tilskuddsordninger på kulturområdet for å fremme et bærekraftig kulturliv</p> <p>Inkludere tematikken i det årlige programmet for kompetanseheving internt og eksternt (kompetansekalendar)</p> | <p>Antall tilskuddsordninger med «grønne» kriterier</p> <p>Antall kompetansehevende tiltak med bærekraft som integrert tema</p> | <p>Alle tilskuddsordninger, som inngikk i grønn omstilling, ble revidert i løpet av 2021 og 2022.</p> <p>Arrangert fagforum for idrett og friluftsliv i kommunene, hvor bærekraft og grønne idrettsanlegg var en del av agendaen.</p> |

## Kultur, regional identitet, idrett og frivillighet

### Budsjettpremissar

#### Berekraftig kultur- og naturbasert reiseliv skal få auka merksemd

Tunsbergleden er ein del av Pilegrimsleden som knyter Danmark og Noreg saman. I 2022 er det arbeidd med betre merking, fleire overnattingsstader og å gjere leia meir kjent. Padleleden Vestfold og Telemark skulle vidareutviklast, dette arbeidet blei førebels ferdigstilt i 2022.

Arbeidet med å kartleggje kulturmiljø med nasjonal verdi er eit pilotprosjekt som Vestfold og Telemark fylkeskommune har saman med Riksantikvaren. I 2022 blei det kartlagt kva kulturmiljø som skulle vurderast. Arbeidet i fylkeskommunen har hatt høgaste prioritet og god framdrift i 2022.

Gjennomføre og ferdigstille det nasjonale ferdselsåreprosjektet i fylket blei vidareført i 2022 og planlagt vidare i 2023.

#### Kulturarrangement skal få grønnare profil

Fylkeskommunale tilskotsordningar på kulturområdet for å fremje eit bærekraftig kulturliv er revidert i 2022. Det er stilt krav til bærekraft og vurdering av klimakonsekvensar ved tildeling av fylkeskommunale tilskot i 2022.

Fylkeskommunen har vore bidragsytar og samarbeidspartnar i gjennomføringa av NM-veka, Paraveka og Telemarksveka i 2022.

#### Høg kulturfagleg kompetanse og delingskultur skal prege heile kulturområdet

Tilby årlege program for kompetanseheving i ein kompetansekalendar: har arrangert kurs, nettverkssamlingar og konferansar i 2022. Gjeld alle seksjonane.

Bidra til auka kunnskap om berekraftige og innovative innkjøp. Kulturarv har i 2022 forlenga rammeavtala med NIKU om innkjøp av georadar-tenester.

Vidareutvikle og bidra til nasjonale og regionale konsortieløysingar på bibliotekområdet. Dette arbeidet er gjennomført av fylkesbiblioteket.

Gjennomført Nordic World Heritage Conference på Rjukan september 2022 i samarbeid med partnerskapet i verdsarvrådet og verdsarvsenteret.

### **Kulturtilbodet skal ha god geografisk spreining og mangfald**

Kartleggje visningsstader for Den kulturelle skolesekken. Gjennomført i 2022.

Greie ut moglegheita for å kunne tilby eit kulturprogram til barnehagane i heile fylket. Gjennomført i 2022.

Utvikle Ung Kultur Møtes til eit heilårleg tilbod. Gjennomført i 2022

Utvikle Kimen Litteraturfestival som regional identitetsmarkør. Gjennomført gjennom satellittarrangement i åtte kommunar.

### **Vestfold og Telemark skal vere eit føregangsfylke for grønne idrettsarenaer**

Arbeid for berekraftig planlegging, utforming, bygging og drift av idretts- og friluftslivsanlegg og stimulere til bruk av alternative moglegheiter for innfyll i kunstgrasbanar. Gjennomført i 2022.

### **Organisasjonar og samarbeidspartnarar - omstille til miljøvennleg aktivitet**

4,5 mill. kr i rammeavtalane til organisasjonar og samarbeidspartnarar blir omstilt for å identifisere nye verktøy og modellar for å jobbe kunnskapsbasert og målretta med berekraft i organisasjonslivet og for å stimulere til grøn omstilling. Tiltaket er gjennomført.

### **Partnerskapsavtale Odd Ballklubb**

Avtala med Odd ballklubb er avslutta og det er inngått ny avtale om æresgjesten med fotballkrinsane i Vestfold og i Telemark.

### **Tilskot idrettsanlegg og idrettsarrangement**

I samarbeid med leiande forskingsmiljø og nasjonale kompetanseorgan har fylkeskommunen etablert nye retningslinjer for «Tilskot til idrettsanlegg og idrettsarrangement» på 2,6 mill. kr. Ordninga gir brei kompetanseheving, bevisstgjerings og ansvarleggjering av både arrangørar og anleggsseigar, og stimulerer til klima- og miljøsmarte bygg. Ordninga sest i samanheng med «Æresgjesten», som ein arena for å halde fram dei gode døma til etterfølging, og dessutan samarbeidsavtale med SIAT (Senter for idrettsanlegg og teknologi) ved NTNU i Trondheim.

### **Tilskot kunstproduksjon**

1,8 mill. kr av totalt 5 mill. kr til «Tilskot kunstproduksjon» har blitt omstilt for å identifisere nye verktøy og modellar for å jobbe kunnskapsbasert og målretta med berekraft i festivalfeltet. Retningslinjene mot arrangement, festivalar og hos arrangørar har blitt målretta for å forbetre og

gjennomføre klimanøytrale kunst og kulturarrangement. Omstillinga er effektivert frå 2022. Fylkeskommunen mottok 186 søknader til «Kunstproduksjon» med ein total søknadssum på 30,7 mill. kr, og det blei innvilga søknader innanfor ramma av tilskotsordninga på 5 mill. kr.

### Utvalde resultat

Jamfør vedtak i FT-sak 40/22 blei mindreforbruket til sektoren på 1,3 mill. kr overført til budsjettet til KRIF i 2022. I tillegg blei det overført 52,5 mill. kr til hovudutval for kultur, folkehelse, tannhelse og idrett sitt budsjettområde (disponering spesifisert i avsnitt under) og 8,0 mill. kr til budsjettområde musea øyremerkte verdsarven.

Løyvinga til verdsarven er disponert på følgjande måte:

| Saksnummer               | Prosjekt/tiltak                                                        | Tal i 1000   | Status   |
|--------------------------|------------------------------------------------------------------------|--------------|----------|
| <b>FT 40/22 pkt 3</b>    | <b>Verdsarven</b>                                                      |              |          |
| HKFTI 84/22 og FT 189/22 | Norsk industriarbeidarmuseum - sikring og infrastruktur for verdsarven | 6 000        | Utbetalt |
| HKFTI 84/22 og FT 189/22 | Vinje kommune - prosjekt Elida                                         | 1 200        | Utbetalt |
| HKFTI 84/22 og FT 189/22 | Notodden kommune - Tømmerrenna                                         | 800          | Utbetalt |
|                          | <b>Sum</b>                                                             | <b>8 000</b> |          |

### Status midlar vedtatt disposisjonen til hovudutvalet

I FT-sak 178/21 blei det avsett 2,5 mill. kr til disposisjon for hovudutval for kultur, folkehelse, tannhelse og idrett, og dessutan 3,0 mill. kr øyremerket auka driftsmidlar sektoren/oppfølging kulturstrategi. I resultatvurderingssaka (FT-sak 40/22) blei det avsett ytterlegare 2,5 mill. kr til disposisjon til hovudutvalet og 50,0 mill. kr øyremerket kulturbyggfond.

Totalt er det løyvd 58,0 mill. kr av midlane avsette til hovudutvalet:

| Saksnummer                | Prosjekt/tiltak                                              | Tal i 1000    | Status   |
|---------------------------|--------------------------------------------------------------|---------------|----------|
| <b>FT 178/21</b>          | <b>Auka driftsmidlar sektoren/oppfølging kulturstrategi:</b> |               |          |
| HKFTI 4/22                | Telemark museum auka driftskostnader                         | 1 200         | Utbetalt |
| HKFTI 4/22 og 24/22       | Samskaping folkebiblioteka                                   | 200           | Utbetalt |
| HKFTI 4/22 og 24/22       | Auka internasjonalisering                                    | 400           | Utbetalt |
| HKFTI 4/22 og 24/22       | Grøne idrettsanlegg                                          | 400           | Utbetalt |
| HKFTI 4/22 og 24/22       | DKS tilrettelagt                                             | 200           | Utbetalt |
|                           | <b>Sum</b>                                                   | <b>*2 400</b> |          |
| <b>FT 178/21 og 40/22</b> | <b>Til disposisjon:</b>                                      |               |          |
| HKFTI 8/22 og FT 189/22   | Tungtvassnaskjellaren                                        | 500           | Utbetalt |

|                           |                                                                     |                  |                            |
|---------------------------|---------------------------------------------------------------------|------------------|----------------------------|
| HKFTI 9/22 og 189/22      | Olivencup 2022                                                      | 96               | Utsett til 2023            |
| HKFTI 10/22 og 189/22     | Sykkelturen 2022                                                    | 100              | Utbetalt                   |
| HKFTI 13/22 og FT 189/22  | Fotballbanar i Kobané og Raqqa                                      | 50               | Utbetalt                   |
| HKFTI 27/22 og FT 189/22  | Litteraturhuset i Skien                                             | 125              | Utbetalt                   |
| HKFTI 28/22 og FT 189/22  | Prosjektlearstilling for Ibsen                                      | 250              | Utbetalt                   |
| HKFTI 45/22 og FT 189/22  | Brevik musikkorps Cort Adeler 400 år                                | 150              | Utbetalt                   |
| HKFTI 45/22 og FT 189/22  | Bøes film og teater Iskanten                                        | 50               | Utbetalt                   |
| HKFTI 47/22 og FT 189/22  | Turveg på Kragerøbanen                                              | 500              | Forseinka, blir overf 2023 |
| HKFTI 48/22 og FT 189/22  | Researcher in residence                                             | 300              | Utbetalt                   |
| HKFTI 49/22 og FT 189/22  | Landskappleiken 2022                                                | 50               | Utbetalt                   |
| HKFTI 54/22 og FT 189/22  | Tungtvassskjellaren – Hydrogenfabrikken på Vemork                   | 150              | Utbetalt                   |
| HKFTI 68/22 og FT 189/22  | Reisestøtte 2022                                                    | 80               | Utbetalt                   |
| HKFTI 69/22 og FT 189/22  | Innkjøp av kunst                                                    | 300              | Utbetalt                   |
| HKFTI 70/22 og FT 189/22  | Støtte til analyse og eval. Kunstnarbyen Skien                      | 100              | Utbetalt                   |
| HKFTI 88/22 og FT 189/22  | Børresen media – podkast om Sam Eyde                                | 20               | Utbetalt                   |
| HKFTI 106/22 og FT 182/22 | Prosjektstilling - folkemusikk og tradisjonskultur                  | 460              | Utsett                     |
| HKFTI 107/22 og FT 174/22 | Tilskot til mogleighetsstudie - Papirhuset Teater                   | 300              | Utbetalt                   |
| HKFTI 108/22 og FT 184/22 | Forprosjekt Opera Vestfold og Telemark 2023                         | 750              | Gjennomføres 2023          |
| HKFTI 123/22 og FT 190/22 | Løyving til kulturtilbodet for barnehagar                           | 500              | Gjennomføres 2023          |
| HKFTI 124/22              | Restbeløp - Frifylkeordninga, omsetjing av eit litterært verk       | **94             | Utbetalt                   |
|                           | <b>Sum</b>                                                          | <b>4 925 ***</b> |                            |
| <b>FT 40/22</b>           | <b>Kulturbyggfond:</b>                                              |                  |                            |
| HKFTI 84/22 og FT 189/22  | Skien kommune – Ibsen formidlingssenter Sølvåren                    | 20 000           | Avsett                     |
| HKFTI 84/22 og FT 189/22  | Vestfoldmuséene – Herregården og Herregårdshagen                    | 18 000           | Utbetalt                   |
| HKFTI 84/22 og FT 189/22  | Vestfoldmuséene – Nytt utstillingsareal Midgard Vikingsenter        | 2 000            | Utbetalt                   |
| HKFTI 84/22 og FT 189/22  | Telemark museum – Utvikling og tilbakeføring av Henrik Ibsen Museum | 5 000            | Utbetalt                   |
| HKFTI 85/22 og FT 189/22  | Tønsberg turn – takkonstruksjon Maier arena                         | 5 000            | Avsett                     |

|  |                                |        |  |
|--|--------------------------------|--------|--|
|  | Sum                            | 50 000 |  |
|  |                                |        |  |
|  | Totalt disponert pr 31.12.2022 | 58 000 |  |
|  | Udisponert pr 31.12.2022       | 0      |  |

## Viktige hendingar

### Status for prioriterte oppfølgingsområde

Kulturlivet blei også i 2022 prega av koronapandemien. Administrasjonen til kultursektoren har ikkje vore direkte ramma, men færre aktivitetar enn planlagt er realisert. Fleire av kulturaktørane i regionen har gjennomført aktivitetar og tilbod, men framleis med noko redusert aktivitet.

### Kulturstrategien 2021 – 2024 - «Vestfold og Telemark – der menneske møtest»

blei vedtatt av Fylkestinget i 2021. Gjennomføringa av kulturstrategien er godt i gang sjølv om også 2022 har vore prega av pandemi. Kulturstrategien har til saman 126 tiltak. Per juni 2022 er det gjennomført 17 tiltak, 86 påbyrja, 19 ikkje påbyrja og 4 utsette. Årsakene til at enkelte tiltak ikkje er påbyrja er vurderingar om at det er formålstenleg å setje i gang lenger ut i strategiperioden; konsekvensar av koronapandemien eller avgrensa administrative ressursar.

I 2022 vedtok hovedutval for kultur, folkehelse, tannhelse og idrett (HKFTI) følgjande temadokument innan følgjande: musikk, idrett, vikingstidssatsing i Vestfold og Telemark, visuell kunst, scenekunst, tradisjonskultur i Vestfold og Telemark og kultur for hele livsløpet.

Arbeidet med ei heilskapleg vikingtidssatsing i Vestfold og Telemark er vidareført i 2022.

Tunsbergleden er ein del av Pilegrimsleden som knyter Danmark og Noreg saman. I 2022 er det arbeidet med betre merking, fleire overnattingsstader og dessutan å gjere leia meir kjent.

Arrangement av regional betydning er viktig verkemiddel for auka reiseliv og turisme. I 2022 bidrog fylkeskommunen blant anna til Sykkelturen 2022 i Året for frivilligheit, NM Veka, World wheelchair rugby European Qualification championship, Tour des Fjords, og dessutan 12 noregsmeisterskapar og 3 verdsmeisterskapar.

Innanfor friluftslivssektoren har Vestfold og Telemark Padleled lykkast med å styrke kultur- og naturbasert reiseliv. Grunnlaget for å forlengje padleleden i Vestfold til både kystlinja i Telemark og Telemarkskanalen blei lagd i 2021 og leia blei opna våren 2022.

Det blir årleg tilbode program for kompetanseheving i ein kompetansekalender. Det er i 2022 gjennomført kurs, nettverkssamlingar og konferansar i alle seksjonane.

Fylkeskulturkonferansen og arrangementet Kulturdialogen for kommunar og kulturaktørar i fylket blei arrangert fysisk, og fleire kulturleiarsamlingar for kommunane er i tillegg gjennomførte digitalt.

Som regional utviklingsaktør har fylkeskommunen tatt eit ansvar for å samhandle med frivillige organisasjonar på regionalt nivå. I dette utviklingsarbeidet legg fylkeskommunen særleg vekt på å vere kunnskapsleverandør og kompetanseutviklar, koordinator, samarbeidspartnar, tilskotssytar og premissleverandør.

### **Den kulturelle skolesekken**

I 2022 gjennomførte Den kulturelle skolesekken 1 989 arrangement, fordelt over 1 057 turnédagar. Til saman hadde DKS 143 510 publikummarar frå barnehagar, grunnskular, vidaregåande skular i Vestfold og Telemark. Fylkeskommunen fekk i 2022 i overkant av 25,3 mill. kr i spelemidlar til aktivitet i grunnskule og vidaregåande skule. I 2022 har Vestfold og Telemarks barnehagar fått tilbod om inntil to kulturopplevingar per år.

DKS fekk også tildelt 200 000 kroner av rammeauken 2022. Dette blei brukt til å styrke kulturtilbodet for elevar med spesielle behov. Andre prioriterte område var samarbeid med kommunar og vidaregåande skular om program og forankring av DKS. I 2022 samarbeidde DKS, Kulturtanken og grunnskulelærarutdanninga på Notodden om eit prosjekt for å innlemme DKS i grunnskulelærarutdanninga. Prosjektet blei finansiert av Kulturtanken.

### **Spelemidlar til idrettsanlegg, kulturbygg, tilskot til idrettsarrangement, regionale idrettsanlegg og paraplyorganisasjonar**

Fylkeskommunen fordelte i 2022 144,5 mill. kr i spelemidlar til ulike idretts- og friluftslivsanlegg.

Det kom inn totalt 45 søknader, 7 søknader til regionale idrettsanlegg og 38 til idrettsarrangement i 2022. Dette er ein markant nedgang frå 2021 og kjem i hovudsak av etterverknader frå tida med korona.

Fagforum for idrett og friluftsliv i kommunane (med regionale frivillige organisasjonar) og kommunenettverket for vilt og fisk er etablert. Det blei halde ein to dagars vellykka fagsamling i Færder kommune i 2022.

Fylkeskommunen, med eit bidrag på ca. 5 mill. kr i 2022, er ved sida av Norges idrettsforbund den største finansielle bidragsytaren til Vestfold og Telemark idrettskrets.

Per 2022 er det 32 organisasjonar frå 16 ulike nasjonale foreiningar med meir enn 46 000 medlemmer som er tilslutta Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Vestfold og Telemark. I tillegg til idrettskrinsen og FNF bidrog fylkeskommunen med tilskotsmidlar til Den norske turistforeining, Oslofjorden friluftsråd, Grenland Friluftsråd og Friluftsrådet sør med ca. 1,0 mill. kr i 2022.

### **Oppgåver innanfor skjergardstenesta, Østersdugnaden og friluftsområde**

Det blei i 2022 plukka 17 tonn stillehavsøsters langs den 986 kilometer lange kystlinja i fylket. Det blir arbeidd med å etablere ein fast forbrenningsomn for østers ved Melsom vidaregåande skole .

Skjergardstenesta kan melde om eit normalår i 2022. Tenesta registrerer vesentleg auka bruk av kajakk langs kysten i fylket. Generelt blir det meldt om at båtfolket er blitt flinkare til å ta med eige søppel heim.

**Tilskotsordningar kunst, kultur og frivilligheit**

Talet på søknader til «Kunstproduksjon» frå profesjonelle kunstnarar, arrangørar og festivalar i 2022 var 186, med ein total søknadssum på 30,7 mill. kr. Det blei innvilga søknader innanfor ramma av tilskotsordninga på 5,0 mill. kr.

Fylkeskommunen yter drifts- og prosjekttilskot til paraplyorganisasjonar og regionale ledd innanfor kunst, kultur og frivilligheit. I 2022 var dette i storleiksorden ca. 5,0 mill. kr.

**Annan innsats på kunst og kulturområdet i 2022**

Den regionale UKM-festivalen blei gjennomført som normalt i november. I den regionale festivalen deltok 146 ungdommar frå heile fylket. 54 ungdommar og leiarar frå fylket deltok i den nasjonale festivalen i Trondheim.

Kulturprogrammet for bedrifter bytte i 2022 merkevareplattform frå Arbeidslivets Kulturseilas (AKS) til Applaus. Grunna koronarestriksjonar på byrjinga av 2022, gjennomførte Applaus ca. 75 % av programmet, i alt 23 arrangement.

Marknad for Musikk blei gjennomført i samarbeid med Larvik kommune og Kulturtanken for 13 gong i 2022. Årets marknad blei opna av kulturminister Anette Trettebergstuen. 170 deltakarar frå kulturhus, festivalar og DKS-nettverk fordelt frå alle fylka i landet var til stades under arrangementet. Pionerprosjektet i fjor, kompetanseprogrammet «Fagdøgn for musikarar», blei vidareført og gjennomført parallelt med Marked for Musikk.

Fylkeskommunen er den største eigaren av Teater Ibsen AS og yter eit driftstilskot på ca. 8,4 mill. kr. Fylkeskommunen har også eigarskap i Sørnorsk filmsenter AS (driftstilskot 2022: Ca. 922 000 kr) og ein rammeavtale med Mediefondet Zefyr AS (ca. 808 000 kr).

**Regional bibliotekutvikling**

Fylkesbiblioteket har i 2022 gjennomført 35 kompetansetiltak for bibliotektilsette, både fysiske og digitale. Det blei registrert 1 447 025 besøk og 1 566 245 utlån på folkebiblioteka i fylket. Dette er ein oppgang i besøk på heile 23 % frå 2021, mens utlånet har ein svak auke. Tilfanget av e-bøker og e-lydbøker har auka mykje også i 2022. Den utvida tilgangen til elektroniske tidsskrift og aviser er halde oppe og bruken er stadig aukande.

Kimen litteraturfestival, blei arrangert for andre gong i 2022, med gode besøkstal både fysisk og digitalt. 3 400 menneske opplevde 44 arrangement som gjekk føre seg i åtte kommunar i fylket.

Leselystaksjonen Sommerles, som er eigd og blir leigd av Vestfold og Telemark fylkesbibliotek klarte å nå 162 000 lesande barn fordelt på alle kommunar over heile landet.

Også i 2022 fekk Vestfold og Telemark to nye fribyar. Færder og Tokke er no innlemma i ordninga, og fylket har no åtte kommunar som tar imot forfølgde forfattarar.

Bibliotek24 er eit nasjonalt bibliotekkonsortium etablert i 2022. Konsortiet blir drifta gjennom Prosjekt Digin som er eigd og leidd av Vestfold og Telemark fylkesbibliotek.

### Arkeologiske metodar

Kulturarv er internasjonalt leiande i bruk og utvikling av inngrepsfrie arkeologiske metodar og arbeidet i 2022 konsentrerte seg om å gjennomføre feltundersøkingane i VEMPO-prosjektet. Prosjektet blir leidd av fylkeskommunen og blir gjennomført i samarbeid med Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) og Ludwig Boltzmann Institute for Archaeological Prospection and Virtual Archaeology (LBI ArchPro) i Austerrike.

### Kulturarvs forvaltningsansvar

I 2022 behandla kulturarv 419 arkeologiske saker og 333 ulike saker for nyare tid, og dessutan 135 tilskotssaker. Vidare blei 444 kommune- og reguleringsplanar behandla. Det blei reist ei innvending til desse planane.

Til saman utløyste Vestfold og Telemark fylkeskommune 31,7 mill. kr i statlege tilskot frå Riksantikvaren ved ei førehandstilsegn på 8,5 mill. kr for 2022 gitt i 2021 og ei tildeling av tilskot på 23,2 mill. kr for 2022. Desse midlane går direkte til istandsetjing av freda bygg og anlegg.

I tillegg kjem den fylkeskommunale tilskotsordninga på 1,0 mill. kr, som er øyremerket verneverdige bygg i privat eige.

| Post       | Tilsegn 2022 | Tilskott 2022 | Sum 2022     | Sum 2021    |
|------------|--------------|---------------|--------------|-------------|
| 71         | 6,0          | 9,5           | 15,5         | 18          |
| 72         | 1,0          | 4,0           | 5,0          | 10          |
| 73         | 0            | 4,15          | 4,15         | 3,7         |
| 74         | 1,5          | 5,5           | 7,0          | 6,4         |
| <b>Sum</b> | <b>8,5</b>   | <b>23,15</b>  | <b>31,65</b> | <b>38,1</b> |

### Kulturmiljø og arealforvaltning

Arbeidet med å kartlegge kulturmiljø med nasjonal verdi er eit pilotprosjekt som Vestfold og Telemark fylkeskommune har saman med Riksantikvaren. I 2022 blei det kartlagt kva kulturmiljø som skulle vurderast. Arbeidet i fylkeskommunen har hatt høgaste prioritet og god framdrift i 2022. Prosjektet skal ferdigstillast i 2023.

### Arkiv og museum

Vestfold og Telemark fylkeskommune overførte i 2022 totalt 86,75 mill. kr i ulike tilskotsmidlar til musea. Av desse var 4,8 mill. kr eigarkostnader knytt til fire fylkeskommunale bygg som Vestfoldmuseene IKS disponerer.

Bygginga av to nye fylkeskommunar har endra innretninga på arbeidet med arkiv- og museumssituasjonen i Vestfold og Telemark, og 2022 har vore nytta til kartleggingar.

### Verdsarvkoordinator

I 2022 har verdsarvkoordinator tildelt 10,3 mill. kr til prosjekt i verdsarvområdet. 8,5 mill. kr av dette er statlege midlar, 1,8 mill. kr regionale midlar, 0,8 mill. kr er tildelte gjennom tilskotsordninga

Merkevare UNESCO og 1 mill. kr er driftstilskot til Verdensarvsenteret. Dette er ein kraftig nedgang frå dei 17,3 mill. kr frå 2021 som kjem av kutta i den statlege ramma for midlane til verdsarv.

### Overføring av statlege oppgåver

I samband med regionsreforma overførte Staten oppgåver til Vestfold og Telemark fylkeskommune.

I Vestfold og Telemark blei det berekna eit samla behov for 6–8 nye stillingar for å møte dei nye oppgåvene (HKFTI Sak 95/22). Fylkestinget løyvde 2 nye stillingar til Kulturarvseksjonen (FT 127/22, FT 142/22).

### Status økonomi

Tal i 1000

| Budsjettområde                   | Regnskap<br>2022 | Oppr. bud.<br>2022 | Rev. bud.<br>2022 | Avvik i kr   | Avvik i %    |
|----------------------------------|------------------|--------------------|-------------------|--------------|--------------|
| 40-Kulturdirektør                | 2 593            | 7 318              | 3 048             | 455          | 14,9 %       |
| 41-Kulturarv                     | 32 692           | 27 964             | 31 089            | -1 603       | -5,2 %       |
| 42-Fylkesbibliotek               | 37 688           | 17 826             | 38 170            | 482          | 1,3 %        |
| 43-Kultur, idrett og friluftsliv | 87 955           | 77 282             | 90 677            | 2 721        | 3,0 %        |
| 44-Verdensarvkoordinator         | 1 997            | 1 819              | 2 026             | 29           | 1,4 %        |
| 45-Muséene                       | 86 750           | 49 776             | 86 575            | -176         | -0,2 %       |
| <b>Sum</b>                       | <b>249 676</b>   | <b>181 985</b>     | <b>251 584</b>    | <b>1 908</b> | <b>0,8 %</b> |

### Kommentar til status økonomi

Tabellen over er henta frå «Framsikt», der er teksten på bokmål.

**Netto driftsresultat** for KRIF 2022 viser eit mindreforbruk på 1,9 mill. kr, som utgjør 0,8 % av budsjettet. Mindreforbruket fordeler seg slik:

**Fylkesbiblioteket** har eit mindreforbruk på 0,5 mill. kr. Mindreforbruket kjem i hovudsak av refusjon av sjukepengar gjennom heile 2022.

**Kulturdirektøren** viser eit mindreforbruk på 0,5 mill. kr. Årsaka til dette er redusert aktivitet i nettverks- og kompetansesamlingar internt og eksternt, på grunn av koronapandemien.

**Kultur, idrett og friluftsliv (KIF)** har eit mindreforbruk på 2,7 mill. kr. Årsaka til dette er vedtaket i HKFTI og FT om prosjektstilling om opera i Vestfold og Telemark (0,8 mill. kr), DKS barnehagar (0,5 mill. kr) og tilskot til Kragerøbanen som ikkje er utbetalt (0,5 mill. kr). Det er brukt mindre på Frivilligheitas år (0,3 mill. kr) og dessutan er det eit udisponert mindreforbruk frå 2021.

Seksjon **Kulturarv** har eit meirforbruk på 1,6 mill. kr i 2022, som i all hovudsak kjem av utilstrekkelege inntekter på området arkeologiske undersøkingar.

Kultur, regional identitet, idrett og frivilligheit har, i tillegg til eiga ramme, mottatt og fordelt i underkant av 145 mill. kr i statlege tilskot innanfor områda idrettsanlegg, freda bygg og anlegg, verdsarv, Den kulturelle skolesekken, bibliotek og friluftsliv.

## Hovudutval for kultur, folkehelse, tannhelse, frivillighet og idrett

### Status økonomi

Tal i 1000

| Budsjettområde | Regnskap<br>2022 | Oppr. bud.<br>2022 | Rev. bud.<br>2022 | Avvik i kr | Avvik i % |
|----------------|------------------|--------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum            | 0                | 4 697              | 94                | 94         | 100,0 %   |

### Kommentar til status økonomi

Tabellen over er henta frå «Framsikt», der er teksten på bokmål.

Opphavleg budsjett til hovudutval for kultur, folkehelse, tannhelse og idrett var 5,5 mill. kr; 2,5 mill. kr til disposisjon for hovudutval for Kultur, folkehelse, tannhelse og idrett, og 3,0 mill. kr øyremerkt *auka driftsmidler sektoren/oppfølging kulturstrategi*. I resultatvurderingssaka (FT-sak 40/22) blei det avsett ytterlegare 2,5 mill. kr til disposisjonen til hovudutvalet og 50 mill. kr øyremerkt *kulturbyggfond*.


Hovudutvalet hadde 5,0 mill. kr til disposisjon i 2022. Tannhelse og førebygging fekk 0,6 mill. kr til å finansiere ei stilling for å tryggje barn i tannbehandling, TBIT. Folkehelse og livsmeistring har fått 0,1 mill. kr til handlingsprogrammet Folkehelse/Vivat-kurs, midlane elles er fordelte til tiltak i sektor Kultur, regional identitet, idrett og frivillighet. Sjå tabell under «Status midlar vedtatt disposisjonen til hovudutvalet».

## Tannhelse og forebygging

### Budsjettpremissar

#### Tannhelse og førebygging skal utføre lovpålagde oppgåver

Perioden januar til mars var prega av særleg høgt sjukefråvær på grunn av høg førekomst av koronasmitte, som medførte redusert drift ved dei fleste tannklinikkane. Tabellen under viser talet på undersøkt og behandla, i forhold til det samla talet på pasientar i dei enkelte gruppene.



Ei viktig endring blei innført av Regjeringa frå og med 1. januar 2022. Då blei det bestemt at 21- og 22-åringar skulle ha rett til 50 % rabatt på takstane frå fylkeskommunen for alle tannhelsetenester inkluderte tanntekniske arbeid. Denne aldersgruppa utgjør rundt 9000 pasientar i pasientgrunnlaget til fylkeskommunen.

### Tannhelse og førebygging skal redusere etterslep i pasientbehandlinga som kjem av nedstenging under koronapandemien

Etterslepa var store ved inngangen til året. KS innførte eit særleg tiltak for primærhelsetenesta, der overtid blei honorert med 200 % lønnsutbetaling. Dette tilbodet blei nytta av tannhelsetenesta og bidrog til å avgrense etterslepa ved mange klinikkar.

| Rad-etiketterar                             | Barn og unge | Psykisk utviklingshemma | Personar på institusjon | Personar med heimesykepleie | 19-20 år | 21-22 år | Samla for prioritert klientell | Samla for voksne betalende | Samla for alle pasienter |
|---------------------------------------------|--------------|-------------------------|-------------------------|-----------------------------|----------|----------|--------------------------------|----------------------------|--------------------------|
| Etterslep i talet på pasientar              | 10 027       | 226                     | 330                     | 586                         | 1 257    | 1 760    | 14 186                         | 4 593                      | 18 779                   |
| Totalt kor mange pasientar i                | 84 938       | 1 926                   | 3 317                   | 5 046                       | 9 860    | 9 706    | 114 793                        | 30 138                     | 144 931                  |
| Etterslep i % av totalt kor mange pasientar | 12 %         | 12 %                    | 10 %                    | 12 %                        | 13 %     | 18 %     | 12 %                           | 15 %                       | 13 %                     |

### Sektoren skal redusere ikkje-lovpålagde tilbod for å halde budsjetttramma

Vakante stillingar og sjukefråvær reduserte aktiviteten, særleg for psykologstøtta tannbehandling i TOO prosjektet då den eine psykologspesialisten sa opp stillinga si. TOO-prosjektet er tilrettelagt tannhelsetilbod til tortur- og overgrepsette og personar med sterk angst for tannbehandling. Rekrutteringa av etterfølgjaren hennar har vore tidkrevjande og ny psykologspesialist vil ikkje vere på plass før tidlegast i februar 2023.

Narkosetilbodet har vore varetatt og auka i 2022, ikkje minst fordi ventelistene blei lengre under pandemien.

### Narkosetilbod

Det har vore gjennomført til saman 246 dagar med narkosebehandling på Larvik og Porsgrunn sjukehus i 2022. Som det kjem fram av tabellen nedanfor, har det vore ein stor auke i talet på tannbehandlingar i narkose frå 2021 til 2022. Dette kjem primært av at mange pasientar måtte utsetje behandlinga på grunn av smitteverntiltak både i 2020 og 2021.

| Parameter                                                           | 2021 | 2022 |
|---------------------------------------------------------------------|------|------|
| Totalt tal på behandlingar i narkose                                | 237  | 422  |
| Tal på tannbehandlingar i narkose der ventetiden var under 12 veker | 162  | 239  |
| Tal på tannbehandlingar i narkose der ventetiden var over 12 veker  | 77   | 183  |

Alle spesialisttilboda ved Skien tannklinikk har vore redusert gjennom heile året på grunn av sjukefråvær. Dette har medført lange ventelister og pasientar som ikkje har fått utført nødvendig behandling. Fylkeskommunen har derfor kjøpt desse tenestene hos private spesialistar.

### Styrke tilbodet til svake og sårbare grupper

Sektoren har styrkt innsatsen i samarbeidet med kommunal helse- og omsorgs sektor. Det er lagt stor vekt på informasjon og opplæring av helsepersonell på helsestasjonar, i skulehelsetenesta, på ulike institusjonar og i rusarbeidet i kommunane.

Mange barn og unge hadde store utfordringar under pandemien, og tannhelsetenesta inngjekk i 2022 eit tett samarbeid med Statens barnehus i Sandefjord. Dette vil bidra til auka kompetanse hos tilsette om barn og unge som har opplevd omsorgssvikt, vald eller overgrep. Klinikane våre tilbyr rettsmedisinsk tannhelseundersøking for Statens barnehus som ein del av samarbeidet.

Tiltaket Trygge Barn i Tannbehandling (TBIT) blei sett på vent i 2022, primært fordi det ikkje har lykkast i å rekruttere psykologspesialist for prosjektet i 2022.

### Tannhelse og førebygging finansierer grøn omstilling ved å gjere om tannlegestillingar til tannpleiarstillingar

Målet om å redusere talet på tannleger og få fleire tannpleiarar er ikkje nådd i 2022. Sektoren hadde 94 tannlegeårsverk og 42 tannpleiarårsverk i 2021. I 2022 var situasjonen 79 tannlegeårsverk og 41

tannpleierårsverk. Bakgrunnen for manglande rekruttering av tannpleiarar i fylket vårt, er at det er stor mangel på tannpleiarar i den offentlige tannhelsetenesta i heile landet.

### **Utvalde resultat**

HKFTI har løyvd 0,6 mill. kr i 2022 til finansiering av psykologspesialist til TBIT (Trygge barn i tannbehandling).

Mindreforbruket frå 2021 på 0,1 mill. kr er disponerte på området Tannhelsedirektør og sektorutvikling.

### **Førebyggjande arbeid og intensivere samarbeidet med kommunane**

Sektoren har vektlagt dialog med kommunane og har etablere forpliktande samarbeidsavtaler i tråd med nasjonale føringar med alle kommunar i fylket. Sektoren har jobba målretta med brukarmedverknad for å utvikle gode kommunikasjonsløyser berekna på ungdom, sidan tradisjonelle tilnærmingar synest å vere utdatert.

### **Forlengje innkallingsintervall hos barn og unge**

Sektoren har jobba med å skape nødvendig tryggleik for å forlengje innkallingsintervalla i samsvar med nasjonale retningslinjer. Eit tiltak for å identifisere og intensivere oppfølginga av risikopasientar er starta opp ved to klinikkar. Resultata skal evaluerast i åra som kjem.

### **Auke talet på tannpleiarar i høve til tannlegar**

Sektoren har i fleire år jobba med å rekruttere fleire tannpleiarar, men i heile landet er det stor mangel på denne profesjonsgruppa. Tannhelsesektoren i fylket har gitt tydelege signal, både nasjonalt og regionalt, om at utdanningskapasiteten på bachelorstudiet i tannpleiefaget bør styrkast monaleg.

### **Styrkje leiarkompetansen**


Fylkeskommunen vedtok i 2021 ny visjon, nye verdiar og nye leiar- og medarbeidarprinsipp. Dette arbeidet blei følgt opp i sektoren. Dei nye seksjonsleiarane har etablert tett dialog og samarbeid med dei respektive klinikkleiarane sine, og dette har gitt stabilitet i klinikkleiarstillingane.

### **Rekruttering av tannlegar til små tannklinikkar i distrikta**


Dette har vore ei vedvarande utfordring ved fleire klinikkar i fylket, og ho har auka i omfang frå år til år. Det belastar arbeidsmiljøet ved andre tannklinikkar i området fordi dei ofte må hjelpe til ved dei ramma klinikkane. Derfor blei det vedtatt ei stabiliseringsordning for alle profesjonsgrupper ved særleg utsette klinikkar. Ordninga inneber auka lønn, fleksibel og utvida ferieordning eller støtte til utvikling av kliniske ferdigheiter.

### **Auka verdiskaping**

Tannhelsetenesta har behandla fleire pasientar i nesten alle dei prioriterte gruppene i 2022, samanlikna med i 2021. Unntaket gjeld aldersgruppa 19-20 år, der er det ein reduksjon.



Diagrammet nedanfor viser fordelinga av pasientar i dei ulike gruppene i 2022. Det som er nytt er gruppe G som omfattar 21- og 22-åringar. Med verknad frå 01.01.2022 har desse rett til 50 % prisavslag på alle tannhelsetenester i den offentlege tannhelsetenesta. Barn og unge utgjør vel 65 % av pasientane. Vaksne betalende pasientar er nest største gruppe med vel 15 % av pasientane.



**Redusert utanforskap**

Prosjektet TOO-prosjektet (Tilrettelagt tannhelsetilbod til tortur- og overgrepsette og personar med odontofobi) har vore prioritert i 2022, men vakansar i sentrale stillingar har redusert tilbodet noko.

Også barn og unge som har vore utsett for omsorgssvikt, overgrep eller vald kan ha store tannhelseproblem og behandlingsvegring. Det er vedtatt å starte eit tilbod til denne gruppa; Trygge barn i tannbehandling (TBIT). Prosjektet er forsinka fordi psykologspesialisten slutta halvvegs i 2022 og det har tatt tid å rekruttere ein etterfølgjar.

**Samhandling**

Samarbeidet med helse- og omsorgssektoren til kommunane har vore vidareført og styrkt i samsvar med samarbeidsavtalene som er inngått.

Sektoren har også omfattande samarbeid med Tannhelsetjenestens kompetansesenter Øst (TkØ) i Oslo og Tannhelsetjenestens kompetansesenter Midt Noreg (TkMN) i Trondheim, høvesvis i TOO- og TBIT- prosjekta.

En intensjonsavtale med Sykehuset i Vestfold, SiV, om etablering av ei tannhelsefagleg avdeling ved sjukehuset i Tønsberg er inngått, men arbeidet er sett på vent på grunn av budsjettutfordringar ved Sykehuset i Vestfold.

**Redusert klimautslepp**

Sektor tannhelse har ei målsetjing om at alle tannklinikkar skal vere miljøfyrtårnsertifiserte innan utgangen av økonomiplanperioden. Dette målet blei alt oppnådd ved utgangen av 2022, med unntak av fengelsklinikane i Skien og på Bastøy.

Sektoren tilbyr videokonsultasjonar for å redusere behovet for fysisk oppmøte for pasientar og pårørnde som har lang reiseveg, og for pasientar som har utfordringar med å møte fysisk på tannklinikken.

**Viktige hendingar**

Den viktigaste storhendinga i 2022 var at regjeringa vedtok at alle 21- og 22-åringar skulle ha rett til 50 % kompensasjon på alle tannhelsetenester i den offentlege tannhelsetenesta. For Vestfold og Telemark innebar dette at fylket får ansvar for å tilby tannhelsetenester til om lag 9000 nye pasientar.

Krigen i Ukraina medførte at 1989 flyktningar blei busette i fylket vårt i 2022. Nærare 800 av desse var barn og unge under 18 år. Mange har store tannhelseproblem med mange hol, og mange er traumatiserte. Dei fleste har mannlege familiemedlemmer som er igjen i Ukraina og samla sett bidrar dette til stor utryggleik og behandlingsvegring. Mange av pasientane må roast med medisinar for å klare å gjennomføre behandlinga. Ei ytterlegare påkjenning er språkproblem som medfører at ein må nytte tolk for å kommunisere med pasientane og deira pårørnde.

## Status økonomi

Tal i 1000

| Budsjettområde                          | Regnskap<br>2022 | Oppr. bud.<br>2022 | Rev. bud.<br>2022 | Avvik i kr   | Avvik i %    |
|-----------------------------------------|------------------|--------------------|-------------------|--------------|--------------|
| 50-Tannhelsedirektør og sektorutvikling | 13 750           | 18 172             | 14 879            | 1 129        | 7,6 %        |
| 51-Tannklinikkene                       | 200 231          | 159 063            | 205 048           | 4 817        | 2,3 %        |
| <b>Sum</b>                              | <b>213 981</b>   | <b>177 235</b>     | <b>219 927</b>    | <b>5 946</b> | <b>2,7 %</b> |

## Kommentar til status økonomi

Tabellen over er henta frå «Framsikt», der er teksten på bokmål.

Rekneskapen viser at sektor for tannhelse og førebygging hadde eit mindreforbruk på til saman 5,9 mill. kr samanlikna med revidert budsjett. Mindreforbruket er delt mellom seksjon tannhelsedirektøren og sektorutvikling som hadde eit mindreforbruk på 1,1 mill. kr mot budsjett og seksjonen tannklinikkene som hadde eit mindreforbruk på 4,8 mill. kr. Mindreforbruket er knytta til reduserte lønnskostnader som kjem av lågare lønsutgifter og høgare refusjonar. Sektoren har hatt mange vakante stillingar fordi fleire har slutta og det har vore vanskeleg å rekruttere nye medarbeidarar. Samstundes har sjukefråværet vore høgare enn forventa.

Sektoren er tilført til saman 29,6 mill. kr utover opphavleg budsjett i 2022. Fylkestinget vedtok å overføre midlar i statsbudsjettet til ny helsereform for 21- og 22-åringane. Midlane var gitt til varig generell styrking av tannhelsesektoren, og var på 2,8 mill. kr og 12,1 mill. kr. I tillegg vedtok Fylkestinget å overføre ekstra midlar for 2022 til sektoren: 10,0 mill. kr for å auke budsjetttramma, 0,1 mill. kr frå mindreforbruket til sektoren i 2021 og 4,0 mill. kr til auka straumkostnader på tannklinikkane. HKFTI har løyvd 0,6 mill. kr til finansiering av ei stilling til TBIT (Trygge barn i tannbehandling).

Dei tildelte midlane er nytta til å styrke budsjetta til tannklinikkane. Av 29,0 mill. kr er 23,0 mill. kr brukt til å redusere inntektsbudsjetta ved tannklinikkane.

## Status investeringsprosjekter

Tal i 1000

| Investering      | Totalbudsjett |               | Årets budsjett |              |
|------------------|---------------|---------------|----------------|--------------|
|                  | Vedtatt total | Påløpt totalt | Rev. bud.      | Regnskap     |
|                  | prosjektramme |               |                |              |
| Utstyr tannhelse | 5 000         | 13 301        | 5 000          | 4 398        |
| <b>Sum</b>       | <b>5 000</b>  | <b>13 301</b> | <b>5 000</b>   | <b>4 398</b> |

## Samandrag status investeringar

Tabellen over er henta frå «Framsikt», der er teksten på bokmål.

Investeringsramma for 2022 er på 5,0 mill. kr. Rekneskapet viser at 4,4 mill. kr av midlane i år er nytta til utskifting av utstyr på tannklinikkane. Sektoren har rundt 160 tannbehandlingseiningar,

røntgensystem og anna utstyr som treng fornying kvart 10.-15. år, dersom særleg skade ikkje oppstår. Naturlege årlege variasjonar i utskiftingsbehovet er årsaka til mindreavviket i 2022.

## Folkehelse og livsmeistring

### Budsjettpremissar

#### **Sektoren skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, under dette jamnar ut sosiale helseforskjellar**

I 2022 har arbeidet handla om å følgje opp Folkehelseundersøkelsen og Ungdataundersøkelsen, i tillegg til å forankre eit tverrsektorielt opplegg for å oppdatere oversiktsdokumentet i valåret 2023.

#### **Sektoren skal sikre nødvendig og lovpålagd oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i fylket**

Arbeidet med å få oversikt over helsetilstanden og påverknadsfaktorar er eit kunnskapsarbeid som følgjer ein fireårs syklus, som startar med valåret. I 2022 har arbeidet handla om å følgje opp Folkehelseundersøkinga og Ungdata-undersøkinga, i tillegg til å forankre eit tverrsektorielt opplegg for å oppdatere oversiktsdokumentet i valåret 2023.

For å skaffe betre kunnskap om helsa og trivselen hjå ungdom, blir det arbeidd med ein såkalla longitudinell (langsgåande) studie i Ungdata-systemet, i samarbeid med USN, Korus-Sør og Oslomet.

#### **Sektoren skal støtte opp under folkehelsearbeidet til kommunane**

Sektoren støttar opp under folkehelsearbeidet til kommunane på fleire måtar. Dei fleste kommunane i fylket deltar i Program for folkehelsearbeid, som er nasjonal satsing på psykisk helse og rusførebygging for barn og unge. Sektoren bidrar med å byggje støttestrukturar for innovasjon og samskaping som arbeidsform for å utvikle nye tiltak.

Gjennom jamlege samlingar i folkehelsenettverket møtest folkehelsekoordinatorar i kommunane til kompetanseutvikling og nettverksbygging, saman med frivillige organisasjonar, regional stat og kompetansemiljø.

#### **Sektoren skal leggje til rette for sosial inkludering i frivilligheit og sivilsamfunn**

Gjennom læringsnettverket på tvers av kommunar og organisasjonar, har det i 2022 vært arrangert nettverkssamlingar på fasilitering og innovative arbeidsmetodar i arbeidet med kommunale frivilligplanar. Gjennom partnerskapsavtalar mellom fylkeskommunen og 13 ulike frivillige organisasjonar, blir det jobba konkret med å fremje god psykisk helse og bidra til sosial utjamning.

#### **Sektoren skal utvikle og leggje til rette for helsefremjande opplæring, nærmiljø og lokal sosial berekraft**

Helsefremjande opplæring er kjernen i satsinga Liv og røre, som har ei god spreiding i heile fylket. Gode nærmiljø og lokalsamfunn er eit prioritert tema for kompetanseutvikling gjennom folkehelsenettverket, med folkehelsekoordinatorane som viktige aktørar for å løfte temaet.

Støttande sosiale miljø kan fungere som beredskap mot sjølv mord. Det er gjennomført kurs i merksemd på sjølv mordstankar med tilbod til alle leiarar i fylkeskommunen og kurs for personell ved dei vidaregåande skulane i førstehjelp ved sjølv mordsfare.

### Utvalde resultat

I HKFTI-sak 7/22/ FT-sak 189/22 ble det tildelt 0,1 mill. kr til Vivat-kurs. Kurset er halde og midlane i disponert i 2022.

### Status økonomi

Tal i 1000

| Budsjettområde | Regnskap<br>2022 | Oppr. bud.<br>2022 | Rev. bud.<br>2022 | Avvik i kr | Avvik i % |
|----------------|------------------|--------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum            | 19 240           | 18 540             | 19 071            | -168       | -0,9 %    |

### Kommentar til status økonomi

Tabellen over er henta frå «Framsikt», der er teksten på bokmål.

Meirforbruk gjelder internasjonalt ungdomsarbeid. Forventa utgiftsdekning frå EU-prosjekt har svikta på grunn av endra retningslinjer i prosjektet.

## 10.4. Hovudutval for næring og reiseliv

### Oppsummering økonomistatus

Ny budsjett- og rammestruktur blei innarbeidd i budsjett og økonomiplan 2022-2025 etter vedtak i FT-sak 86/21 «Budsjett 2021 - Oppfølging av verbalvedtak 18 – Rammestyring».

Tabellen under viser sektorområda som er grupperte til Hovudutval for næring og reiseliv, inkludert budsjett og rekneskap for Hovudutvalet.

Eventuelle budsjettavvik blir kommenterte per seksjon.

Tabellen under er henta frå «Framsikt», der er teksten på bokmål.

### Status økonomi gruppert til Hovudutval for næring og reiseliv

Tal i 1000 kr

| Sektorområde                                  | Seksjon                            | Regnskap<br>2022 | Oppr. bud.<br>2022 | Rev. bud.<br>2022 | Avvik i kr |
|-----------------------------------------------|------------------------------------|------------------|--------------------|-------------------|------------|
| Hovedutvalg for næring og reiseliv            | Hovedutvalg for næring og reiseliv | 0                | 8 307              | 1                 | 1          |
| <b>Sum Hovedutvalg for næring og reiseliv</b> |                                    | <b>0</b>         | <b>8 307</b>       | <b>1</b>          | <b>1</b>   |

| Sektorområde                                | Seksjon                             | Regnskap<br>2022 | Oppr. bud.<br>2022 | Rev. bud.<br>2022 | Avvik i kr    |
|---------------------------------------------|-------------------------------------|------------------|--------------------|-------------------|---------------|
| Næring, innovasjon og kompetanse            | Kompetanseutvikling og inkludering  | 39 164           | 32 335             | 57 580            | 18 416        |
| Næring, innovasjon og kompetanse            | Næringsdirektør                     | 1 575            | 4 182              | 3 127             | 1 551         |
| Næring, innovasjon og kompetanse            | Næringsutvikling og entreprenørskap | 89 705           | 53 224             | 85 252            | -4 452        |
| <b>Sum Næring, innovasjon og kompetanse</b> |                                     | <b>130 444</b>   | <b>89 741</b>      | <b>145 959</b>    | <b>15 515</b> |
| <b>Totalsum</b>                             |                                     | <b>130 444</b>   | <b>98 048</b>      | <b>145 959</b>    | <b>15 516</b> |

## FNs bærekraftsmål

Tabellen er henta frå «Framsikt», der er teksten på bokmål.

| FNs bærekrafts mål                                                                  | Tiltak fra Regional planstrategi                                           | Ambisjon for perioden                                                                                                                                                                                                                                  | Indikator                                                                                                                                                                                                                  | Status                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |
|-------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|  | Styrke regionens grunnlag for fremtidig verdiskaping og nye arbeidsplasser | <p>Realisere regional strategi for forskning, innovasjon og næringsutvikling.</p> <p>Bidra til økt inkludering og integrering gjennom kompetansehevende tiltak som gjennomføres i samarbeid mellom fylkeskommunen, NAV og utdanningsinstitusjoner.</p> | <p>Brutto regionalprodukt per sysselsatt.</p> <p>Antall arbeidsledige.</p> <p>Antall med nedsatt arbeidsevne.</p> <p>Antall uføretrygdede.</p> <p>Voksnes gjennomføring av videregående opplæring og høyere utdanning.</p> | <p>Invest in Vestfold og Telemark ble etablert i 2022.</p> <p>Tilskuddsordningen Bedriftsintern opplæring (BIO) og prosjektet Kompetansepilot i Øvre Telemark har bidratt til kompetanseheving.</p> <p>Prosjektet Teknologitriangelet fikk støtte. Det ble gjennomført flere kompetansehevende seminar for å bidra til økt inkludering og integrering. Det ble tildelt midler til fagskoler til gjennomføring av kortere kompetansehevende kurs.</p> |

| FNs bærekrafts mål                                                                  | Tiltak fra Regional planstrategi                      | Ambisjon for perioden                                                                                                                                                                                                                                         | Indikator                                                                                                                                                         | Status                                                                                                                                                                  |
|-------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|    | Fremme kultur- og naturbasert reiseliv.               | Realisere regional strategi for reiseliv og opplevelser.                                                                                                                                                                                                      | Andel jobber i bærekraftige reiselivsnæringer av de totale reiselivsarbeidsplassen e.                                                                             | Prosjekt Matregion er igangsatt for å koble landbruk, næringsmiddelindustri, dagligvare og reiseliv i hele fylket.                                                      |
|                                                                                     |                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                               | Antall arbeidsplasser i reiselivsnæringen.                                                                                                                        | Prosjekt landsdelsselskap innen reiselivet i fylket er igangsatt for å styrke og samle                                                                                  |
|                                                                                     |                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                               | Bruttoprodukt i reiselivsnæringene som andel av BNP i Fastlands-Norge.                                                                                            | markedsføring og reisemålsutvikling i hele fylket.                                                                                                                      |
|                                                                                     |                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                               | Andel miljøsertifiserte virksomheter (eksternt).                                                                                                                  |                                                                                                                                                                         |
|  | Fremme innovasjon, verdiskaping og nye arbeidsformer. | Styrke omstillingen gjennom forsterket innsats på forskning og innovasjon med tilhørende økonomiske virkemidler og rådgivning gjennom Regionalt forskningsfond Vestfold og Telemark (RFF-VT) og prosjekt FORREGION (Forskningsbasert innovasjon i regionene). | Andel søknader til RFF-VT som fremmer innovasjon, verdiskaping og nye arbeidsformer.                                                                              | Regionalt forskningsfond og Forregionen er særlig koplet til våre forskningsumodne næringer innen reiseliv/opplevelser og landbruk.                                     |
|                                                                                     |                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                               | Antall nye eller forbedrede produkter og/eller tjenester som er tatt i bruk eller som det er lagt til rette for implementering av i løpet av prosjektperioden.    | Det ble arbeidet aktivt med klyngen Powered by Telemark og Herøya Industripark for å etablere Norsk katapult i regionen, en test- og utviklingslab for fornybar energi. |
|                                                                                     |                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                               | Antall nye eller forbedrede prosesser og/eller arbeidsmåter som er tatt i bruk eller som det er lagt til rette for implementering av i løpet av prosjektperioden. | Faglig og finansiell støtte til reiselivsbedrifter for miljøsertifisering er igangsatt.                                                                                 |
|                                                                                     |                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                               | Andel søknader til Forregion som fremmer innovasjon, verdiskaping og nye arbeidsformer.                                                                           |                                                                                                                                                                         |

| FNs bærekrafts mål                                                                                                               | Tiltak fra Regional planstrategi                                                  | Ambisjon for perioden                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | Indikator                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                | Status                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|  <p>9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR</p> | Styrke koblingen mellom forskning, forvaltning og næringsliv.                     | <p>Bidra til at næringslivets investeringer i FOU bør være på minst samme nivå med sammenliknbare regioner.</p> <p>Stimulere til økt forskning i bedrifter som ikke har brukt forskning tidligere gjennom RFF, Forregion eller andre virkemiddelaktører.</p> <p>Sammenkobling av offentlig og privat sektor i FOU-aktivitet.</p> | <p>Næringslivets investering i FOU/million innbygger.</p> <p>Andel investert i FOU i kroner/år /totalramme for VTFK.</p> <p>Utførte FOU årsverk per million innbyggere.</p> <p>Andel/antall prosjekter i Forregion som har samarbeid mellom FOU-, offentlig og eller privat sektor.</p> <p>Andel prosjekter i RFF-VT som har samarbeid mellom FOU- offentlig og eller privat sektor.</p> | <p>Regionalt forskningsfond bevilget 36,4 mill. kr til 28 nye regionale prosjekter.</p> <p>Forregion prioriterte innsats for å styrke koblingen mellom forskning, forvaltning og næringsliv og fremme innovasjon, verdiskaping og nye arbeidsmåter, samt bidra til grønn innovasjonsdrevet omstilling i næringsliv og verdiskaping.</p>             |
|  <p>10 MINDRE ULIKHET</p>                     | Ivareta mangfoldsperspektivet og fremme likeverd og inkludering.                  | Innrette bruk av virkemidler, følge opp lovpålagte oppgaver og samarbeide med NAV, kommuner og andre aktører for å bedre levekår og øke deltakelsen i utdanning og arbeid.                                                                                                                                                       | <p>Gjennomføring av videregående opplæring etter innvandringsbakgrunn.</p> <p>Arbeidsledighet blant innvandrere i alderen 15-74 år.</p>                                                                                                                                                                                                                                                  | <p>Arbeidet med integrering og inkludering ble intensivert, som følge av flyktningsstrømmen.</p> <p>Tilbudet om karriereveiledning og norskopplæring til flyktninger ble utvidet. Fylkeskommunen la til rette for at kommuner, frivillige organisasjoner og sosiale entreprenører på en enkel måte kan søke om tilskudd til integreringstiltak.</p> |
|  <p>12 ANSVARLIG FORBRUK OG PRODUKSJON</p>    | Satse på naturressurser innen landskap, geologi, rent ferskvann, hav- og landbruk | Bidra til bærekraftig forvaltning og effektiv bruk av regionens naturressurser; mineralressurser, jord- og skogbruksressurser slik at disse kan                                                                                                                                                                                  | <p>Omdisponering til andre formål enn landbruk.</p> <p>Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                       | <p>Ved tildelinger av kompetanse og tilretteleggingsmidler til landbruket ble tiltak som gir klima- og miljøeffekt prioritert.</p> <p>Regiongeologen fikk doblet sin kapasitet,</p>                                                                                                                                                                 |

| FNs bærekrafts mål                                                                | Tiltak fra Regional planstrategi                                                    | Ambisjon for perioden                                                                                                                                                                                              | Indikator     | Status                                                                                                                                                                                                                                                                       |
|-----------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
|                                                                                   |                                                                                     | nyttas med et redusert fotavtrykk.                                                                                                                                                                                 |               | som i stor grad rettes inn mot bærekraftig forvaltning av kortreisete byggeråstoffer for vei, industriområder og annen infrastruktur.                                                                                                                                        |
|  | Jobbe for reduserte utslipp og utvikle karbonfangst- og lagring i industrien (CCS). | Innrette og vri virkemidler mot tiltak og aktiviteter som bidrar til å redusere klimagassutslipp, for eksempel gjennom å tydeliggjøre dette som et prioritert innsatsområde i oppdragsbrev til samarbeidspartnere. | Klimaregnskap | <p>Oppdragsbrev fra fylkeskommunen utfordret på prioritet til prosjekter med formål om reduserte klimautslipp.</p> <p>Fylkeskommunens utlysning av egne regionale utviklingsmidler ble gitt med tydelig prioritering til utviklingsprosjekter med redusert klimaavtrykk.</p> |

## Næring, innovasjon og kompetanse

### Budsjettpremissar

#### Forskning, utvikling og innovasjon

Det er etablert ei intern arbeidsgruppe som skal finna betre koplingar mellom næringsspørsmål og planprosessar i fylkeskommunen i tråd med sektorane sine. Tiltaket «Kraft-overføring blir styrka» blir følgt opp administrativt ved seksjon for Klima, miljø og internasjonalisering, og politisk ved tilhøyrande HKAP opp i mot regionale og nasjonale aktørar

Fleire tiltak i handlingsprogrammet i strategien er følgt opp med løyver til miljø som gjennomfører tiltak. Eksempelvis sosialt entreprenørskap (Sosenteriet i Sandefjord), korleis bedriftsmedlemmene møter berekraftsmål/grøn omstilling og EUs taksonomi i klyngja Electronic Cost.

Fylkeskommunen har teke initiativ til auka koordinering og samordning av verkemiddelaktørane i fylket på grunnlag av uttalte behov både frå aktørane og fylkeskommunen sjølv.

Det er sett i verk ein moglegheitsstudie for utvikling av blå næringar i regionen

### **Reiseliv og oppleving**

Første halvdel av 2022 vart handlingsprogrammet for regional strategi for reiseliv og oppleving utvikla gjennom brei medverknad frå reiselivsaktørar, kommunar, bransjeorganisasjonar og regionale og lokale visitselskaper, FoU miljø, frivillig sektor og andre offentlege samarbeidspartnarar. Denne vart politisk vedteke 31.mai 2022.

Handlingsprogrammet er eit verktøy for å samlele innsatsen til aktørane og skape ei felles mobilisering rundt viktige innsatsområder for reiselivsutviklinga i Vestfold og Telemark.

### **Regionens naturressursar**

Partnarskapet innan landbruk har gitt innspel til årleg handlingsprogram for RNP (Regional Nærings Plan?) som vart vedteke av HNR (Hovedutval Nærings og reiseliv). Handlingsprogrammet blir lagt til grunn for tildelinga av tilretteleggingsmidlar og kompetansemidlar for landbruket, og dessutan oppdragsbrev til Innovasjon Noreg for disponering av landbruksmidlar. I 2022 har særleg temaet jordhelse vore fokusert.

HNR har vedteke midlar til arbeidet med «Matregionen Vestfold og Telemark». Partnarskapet har samarbeidd om mobilisering og forankring av ei slik satsing. Etter ein godt forankra prosess skal ei breitt samansett kompetansegruppe i 2023 etablere felles målsetjingar, organisering og forretningsplan for ein matregion.

Regiongeologen har følgd opp mineralressursar/byggjeråstoff i utvalde kommunar (Larvik, Tønsberg, Holmestrand, Grenland, Seljord, Kviteseid) og i VTFK sin administrasjon i samband med aktivitetar frå industriføretak. Regiongeologen har samarbeidd med Noregs geologiske undersøking (NGU) om prosjekt i heile fylket, også med akademiske institusjonar i Noreg og i utlandet om undersøkingar av spesielle geologiske problemstillingar i samband med ulike mineralressursar. I 2022 har regiongeologen gitt fleire foredrag om mineralressursar (fylkesting, næringsminister, NHO etc.), og dessutan gjennomført ei høyringsfråsegn om «Forslag til ny minerallov» frå Nærings- og fiskeridepartementet.

### **Kompetanseutvikling**

Arbeidet med oppfølging av Regional kompetansestrategi for Vestfold og Telemark 2021-2028 blei i 2022 følgd opp gjennom samarbeid og gjennomføring av verkstader og arbeidsmøte. Oppfølging av strategien har også vore løfta fram som tema i Nettverk for verdiskaping og kompetanse i løpet av året.

Det blei gjennomført open samling 1. september med temaet: «Fylket manglar kompetent arbeidskraft – kva gjer me no?» der status i arbeidet blei presentert. Av tiltak blir bransjesamarbeid nemnt for rekruttering til yrkesfag, tilskotsordningar som bidrar til kompetanseutvikling og inkludering, som Bedriftsintern opplæring (BIO), Utviklingsmidlar til forsterka innsats og samarbeid om ei inkludering, Mentor- og traineeordning for innvandrarar og Tilskotsordning for inkludering og redusert utanforskap (TIRU). Det er sett i gang arbeid med å profesjonalisere karriererettleiingstjenestar, auka bruk av realkompetansevurdering, og fleire fleksible vegar til formell utdanning.

### Karriererettleiing

Det er gjennomført 2148 individuelle karriererettleiingssamtalar i 2022. Av dette var dei 165 samtalar med utgangspunkt i integreringslova og karrieresenteret har etterfølgjande komme med ei tilråding om arbeid eller utdanning knytt til slutt mål, innhald eller omfang av introduksjonsprogrammet.

Karrieresenteret i Vestfold og Telemark har gitt tilbod om rettleiing til alle nyankomne flyktningar frå Ukraina i grupper, og dessutan opplyse om retten til karriererettleiing. Der er i alt gjennomført 31 grupperettleiingar og det samla talet deltakarar har vore ca. 400.

Karrieresenteret har utvida med ein fysisk lokasjon i Seljord. Fram til september 2022 var lokasjonen til Karrieresenteret i Vestfold og Telemark høvesvis Tønsberg og Skien.

For å hindre utanforskap hos unge i alderen 18-30 år har Karrieresenteret i samarbeid med NAV utvikla og fortløpande gjennomført kurs/workshop for denne målgruppa.

### Integrering og inkludering

Sektoren skal sørge for tilbod retta mot målgruppa, blant anna gjennom søkbare tilskotsordningar. I tillegg blir samfunnsutviklar rolla vidareført ved å vidareutvikle fagnettverk, hjelpe til i busetjingsarbeid og med kompetanseheving på området.

### Fagskule

Sektoren skal arbeide for at fagskulane blir viktige aktørar for å utdanne fagpersonar som næringslivet til regionen etterspør.

- 1764 studieplassar til utdanningar frå 30 til 120 studiepoeng blei finansierte med samla driftstilskot på 98,0 mill. kr av fylkeskommunen hausten 2022. Fylkeskommunen hadde i overkant av 102,0 mill. kr til disposisjon, og restbeløpet blir overført nye studieplassar i 2023.
- 270 studieplassar til utdanningar mindre enn 30 studiepoeng blei finansierte med eit driftstilskot på kr 2,0 mill. kr frå hausten 2022.
- Det blei utarbeidd og tatt i bruk hausten 2022 eit digitalt søknadsskjema for studieplassar over 30 studiepoeng.
- Nye retningslinjer for tildeling av driftstilskot blei politisk behandla i fylkestingssak 99/22 og er publisert på nettsidene til fylkeskommunen under fagskuleforvaltning.

### Tilskot og kompetansetilførsel

Regionalt forskningsfond Vestfold og Telemark: Aktivitet i 2022 har vore høg med stor etterspurnad av forskningsmidlar. Årets ramme på 13,0 mill. kr er fordelte til 28 prosjekt. Total tildeling i 2022 var heile 36,0 mill. kr grunna overføring av unytta midlar frå 2020/2021.

Det er samla stor innsats for entreprenørskap i fylket. Kommunesamarbeidet mellom fylkeskommunen og Grenlandskommunane vart etablert gjennom Start i Grenland i 2022 på same måte som for Start i Vestfold i 2021.

Tilskotsordninga Mentor- og trainee har hatt som formål å auke moglegheitene for ei inkludering av høgt utdanna innvandrarar i arbeidslivet. Ramma for tilskotsordninga var 0,8 mill. kr. Heile ramma blei fordelt på til saman fire søkarar; Læringssenteret i Tønsberg kommune og Kragerø kommune, Kvito Utvikling og Arbeid AS, Foreningen Kulturkræsj.

Etablerer opplæring for innvandrarar: Ramma i 2022 var 0,8 mill. kr, og denne blei fordelt på til saman tre søkarar; Vestfold Hudakademi AS, Startup Migrants AS og Vintage Baby.

Inkludering og redusert utanforskap (TIRU): Ramma for 2022 var på 1,0 mill. kr. Det kom inn 19 søknader med eit samla tal på 2,7 mill. kr. Åtte søkarar fekk tilsegn. Dette var Bamble kommune, Delecto kompetanse AS, Foreningen Kulturkræsj, iFokus A, Kragerø Læringssenter, Kvito Utvikling, LOPE foreining for mikro-integrering og NewUse.

Bedriftsnettverk og næringsklynger: Utlysing av midlar til formålet er effektuert med 4,0 mill. kr.

Landbruket; kompetanse og tilretteleggingsmidlar: Ramme for kompetansemidlar på 1,0 mill. kr er tildelte ni prosjekt. Ramme for tilretteleggingsmidlar på 3,6 mill. kr er tildelte 24 prosjekt.

Ikkje-lovpålagt båttransport i fylket (transport til Bolærne, tilskot til annan båttransport i skjergard og innland): Ramma på 3,1 mill. kr (inkludert Bolærne) er tildelt ti transportørar. I tillegg vart ein klaga på avslag teke til følgje med ei tilleggstilldeling på 0,2 mill. kr frå dei disponible midlane til hovudutvalet.

Bedriftsintern opplæring: 113 bedrifter søkte om totalt 33,0 mill. kr i 2022. 60 bedrifter har fått innvilga nærare 19,0 mill. kr. 950 tilsette har fått opplæring, heva kompetanse og trygd arbeidsplassane sine gjennom året. Det gir i snitt cirka 20 000 kr til opplæringstiltak per tilsett.

Telemarkskanalen FKF – vedlikehald og drift av selskapets infrastruktur: Ramma på 9 mill. kr. er tildelt.

Telemarkskanalen Regionalpark – marknadsføring: Ramma på 1,1 mill. kr er tildelt.

Kompetansetilførsel til regionens bedrifter gjennom regionale verkemiddelaktørar: Ramma på 6,75 mill. kr er tildelt. I tillegg har hovudutval for Næring og reiseliv løyvd ytterlegare 0,65 mill. kr til dei to inkubatorane i fylket og næringshage.

## Utvalde resultat

Etablert permanent struktur for innsats for Invest in Vestfold og Telemark frå mars 2022

Etablert permanent struktur for koordinering av entreprenørskap innsats mellom Vestfold og Telemark fylkeskommune og Grenlandskommunane, på same måte som for Vestfold-kommunane.

Etablert handlingsprogram for strategiane:

1. Forsking, innovasjon og næring

2. Reiseliv og opplevingar
3. Regionalt næringsprogram for landbruket
4. Regional kompetansestrategi

### Viktige hendingar

Ved utgangen av 2022 blei 2 000 flyktningar busette i ein kommune i Vestfold og Telemark, mot ei opphavleg oppmoding om å busetje 325. Det høge talet kjem blant anna som ein konsekvens av folk på flukt frå krigen i Ukraina. Sektoren har bidratt med blant anna kartleggingsarbeid, kompetanseheving av kommunane i deira kvalifiseringsarbeid og samarbeid om ulike prosjekt som bidrar til at den enkelte kjem raskt ut i arbeidslivet. Blant anna blei det arrangert eit seminar for programrådgjevarar i kommunane i desember 2022.

Vidare har sektoren hatt ansvaret for ei tilskotsordning til frivillige organisasjonar (IFFO), i samarbeid med andre sektorar i fylkeskommunen, for å støtte opp om arbeidet med flyktningar. Ordninga hadde ei ramme på 5,0 mill. kr, og det blei tildelt til saman over 4,7 mill. kr til over 30 ulike aktørar.

### Status økonomi

Tal i 1000

| Budsjettområde                         | Regnskap<br>2022 | Oppr. bud.<br>2022 | Rev. bud.<br>2022 | Avvik i kr    | Avvik i %     |
|----------------------------------------|------------------|--------------------|-------------------|---------------|---------------|
| 90-Næringsdirektør                     | 1 575            | 4 182              | 3 127             | 1 551         | 49,6 %        |
| 91-Næringsutvikling og entreprenørskap | 89 705           | 53 224             | 85 252            | -4 452        | -5,2 %        |
| 92-Kompetanseutvikling og inkludering  | 39 164           | 32 335             | 57 580            | 18 416        | 32,0 %        |
| <b>Sum</b>                             | <b>130 444</b>   | <b>89 741</b>      | <b>145 959</b>    | <b>15 515</b> | <b>10,6 %</b> |

### Kommentar til status økonomi

Tabellen over er henta frå «Framsikt», der er teksten på bokmål.

Rekneskapen for 2022 viser eit samla mindreforbruk på 15,5 mill. kr som svarer til 10,6 % av budsjett for 2022.

Næringsdirektøren har eit mindreforbruk på 1,6 mill. kr som hovudsakleg består av deflator frå revidert nasjonalbudsjett.

Seksjon for næringsutvikling og kompetanse har eit meirforbruk på 4,5 mill. kr, hovudsakleg relatert til utgifter til Notodden Lufthavn .

Seksjon for kompetanseutvikling og inkludering av eit mindreforbruk på 18,4 mill. kr.

Organisatoriske endringar og vakante stillingar har resultert i eit mindreforbruk av lønnskostnader på 4,9 mill. kr. Vidare er det 11,8 mill. kr i mindreforbruk knytta til tilskotsordningar, der i blant BIO-midlar (bedriftsintern opplæring), som blir forskovne til 2023 for tildelingar.

## Hovedutval for næring og reiseliv

### Status økonomi

Tal i 1000

| Budsjettområde | Regnskap<br>2022 | Oppr. bud.<br>2022 | Rev. bud.<br>2022 | Avvik i kr | Avvik i % |
|----------------|------------------|--------------------|-------------------|------------|-----------|
| Sum            | 0                | 8 307              | 1                 | 1          | 100,0 %   |

### Kommentar til status økonomi

Tabellen over er henta frå «Framsikt», der er teksten på bokmål.

Opphavleg budsjett til Hovudutval for næring og reiseliv var 8,3 mill. kr. I resultatvurderingssaka (FT- sak 40/22) blei det avsett 4,0 mill. kr til hovudutvalet. Det er løyvd til saman 12,3 mill. kr frå hovudutvalet.

| Tilvisning til vedtak | Tekst                                                               | Tal i tusen  |
|-----------------------|---------------------------------------------------------------------|--------------|
| FT sak 178/21         | Effektivisering som følge av fylkessammenslåinga                    | -157         |
| FT sak 178/21         | Gjenbruk av utstyr i innkjøp                                        | -36          |
| FT sak 178/21         | Saman for livet - langtidsdøymde tilbake i arbeidslivet             | 500          |
| FT sak 178/21         | Til hovudutvalets disposisjon                                       | 8 000        |
|                       | <b>Opphøveleg budsjett</b>                                          | <b>8 307</b> |
| HNR 1/22              | Til virkemiddelaktørar                                              | -700         |
| HNR 26/22             | Solenergi på egne bygg (frå Resultatvurderingssaka) til investering | -4 506       |
| HNR 36/22             | T1 styrke arbeid for å fremme solkraft                              | -500         |
| FT sak 40/22 pkt 2    | Resultatvurderingssaka 2021. Til hovudutvalets disposisjon          | 4 000        |
| HNR 61/22             | Medbyggerne                                                         | -325         |
| HNR 69/22             | Foreningen Fulehuks venner                                          | -200         |
| HNR 74/22             | Ikke tildelte tilskotsmidler frå HNR 26/22                          | 62           |
| HNR 79/22             | Telemarksveka                                                       | -750         |
| HNR 81/22             | Kartlegging studie blå næringar                                     | -750         |
| FT sak 143/22         | Korrigert sak 26/22 og ny tildeling VT forskingsfond                | 283          |
| FT sak 160/22         | Effektivering av tidligare tildeling til Råde bank                  | -250         |
| Ft sak 165/22         | BIO (Bedriftsintern)- tilskotsordning                               | -1 750       |
| FT sak 162/22         | Tilskot svinesundkomiteen                                           | -320         |
| FT sak 148/22         | Oppgradering Prestegardsbrygga                                      | -100         |
| FT sak 166/22         | Landsdelsselskap                                                    | -2 500       |
| <b>SUM</b>            |                                                                     | <b>1</b>     |

## 10.5. Hovudutval for utdanning og kompetanse

### Oppsummering økonomistatus

Ny budsjett- og rammestruktur blei innarbeidd i budsjett og økonomiplan 2022-2025 etter vedtak i FT-sak 86/21 «Budsjett 2021 - Oppfølging av verbalvedtak 18 – Rammestyring».

Tabellen under viser sektorområda som er grupperte til Hovudutval for utdanning og kompetanse, inkludert budsjett og rekneskap for Hovudutvalet. Sektorane rapporterer eit samla meirforbruk på 54,8 mill. kr mot revidert budsjett.

Eventuelle budsjettavvik blir kommenterte under kvar sektor/seksjon.

Tabellen under er henta frå «Framsikt», der er teksten på bokmål.

### Status økonomi gruppert til Hovudutval for utdanning og kompetanse

Tal i 1000 kr

| Sektorområde                                       | Seksjon                                 | Regnskap<br>2022 | Oppr. bud.<br>2022 | Rev. bud.<br>2022 | Avvik i kr    | Avvik i % |
|----------------------------------------------------|-----------------------------------------|------------------|--------------------|-------------------|---------------|-----------|
| Fagskolen Vestfold og Telemark                     | Fagskolen Vestfold og Telemark          | 5 812            | 3 358              | 3 401             | -2 411        | 0         |
| <b>Sum Fagskolen Vestfold og Telemark</b>          |                                         | <b>5 812</b>     | <b>3 358</b>       | <b>3 401</b>      | <b>-2 411</b> | <b>0</b>  |
| Hovedutvalg for utdanning og kompetanse            | Hovedutvalg for utdanning og kompetanse | 0                | 6 803              | 0                 | 0             | 0         |
| <b>Sum Hovedutvalg for utdanning og kompetanse</b> |                                         | <b>0</b>         | <b>6 803</b>       | <b>0</b>          | <b>0</b>      | <b>0</b>  |
| Mobbeombud og Elev- og lærlingeombud               | Mobbeombud og Elev- og lærlingeombud    | 2 293            | 3 229              | 3 270             | 977           | 0         |
| <b>Sum Mobbeombud og Elev- og lærlingeombud</b>    |                                         | <b>2 293</b>     | <b>3 229</b>       | <b>3 270</b>      | <b>977</b>    | <b>0</b>  |
| Opplæring og folkehelse                            | Andre virksomheter                      | 89 208           | 82 958             | 92 208            | 3 000         | 0         |
| Opplæring og folkehelse                            | Fag- og yrkesopplæring                  | 385 754          | 352 079            | 371 307           | -14 447       | 0         |
| Opplæring og folkehelse                            | Inntak, eksamen og voksenopplæring      | 45 475           | 44 839             | 44 372            | -1 103        | 0         |
| Opplæring og folkehelse                            | Oppfølgingstjenesten og talenhus        | 37 577           | 34 071             | 36 425            | -1 151        | 0         |
| Opplæring og folkehelse                            | Pedagogisk støtte og utvikling          | 48 189           | 52 463             | 50 930            | 2 742         | 0         |
| Opplæring og folkehelse                            | Psykologisk pedagogisk tjeneste         | 35 537           | 32 446             | 34 243            | -1 294        | 0         |
| Opplæring og folkehelse                            | Sektorutvikling                         | 114 857          | 113 429            | 124 974           | 10 118        | 0         |

| Sektorområde                       | Seksjon             | Regnskap 2022    | Oppr. bud. 2022  | Rev. bud. 2022   | Avvik i kr     | Avvik i % |
|------------------------------------|---------------------|------------------|------------------|------------------|----------------|-----------|
| Opplæring og folkehelse            | Utdanningsdirektør  | 33 640           | 65 519           | 33 213           | -427           | 0         |
| Opplæring og folkehelse            | Videregående skoler | 2 051 571        | 1 853 583        | 2 000 779        | -50 793        | 0         |
| <b>Sum Opplæring og folkehelse</b> |                     | <b>2 841 809</b> | <b>2 631 386</b> | <b>2 788 452</b> | <b>-53 357</b> | <b>0</b>  |
| <b>Totalsum</b>                    |                     | <b>2 849 914</b> | <b>2 644 775</b> | <b>2 795 123</b> | <b>-54 791</b> | <b>0</b>  |

## FNs bærekraftsmål

Tabellen er henta frå «Framsikt», der er teksten på bokmål.

| FNs bærekraftsmål                                                                                                                | Tiltak fra Regional planstrategi                                         | Ambisjon for perioden                                                           | Indikator                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                              | Status                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
